

# Årsrapport 2014



BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD



## Innhald

<b>I</b>	<b>Leiar sin rapport</b>	<b>2</b>
<b>II</b>	<b>Introduksjon til verksemda og hovudtal</b>	<b>4</b>
2.1	Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget	4
2.2	Omtale av organisasjonen	6
<b>III</b>	<b>Aktivitetar og resultat i 2014</b>	<b>7</b>
3.1	Gudstenesteliv	7
3.2	Dåp og trusopplæring	8
	Trusopplæringa – eit læringsfelleskap	12
	Følgjer av ungdomsåret	14
3.3	Kyrkje og samfunn	15
3.4	Rekruttering og ulønna medarbeiderskap	18
3.5	Andre område i kyrkjeleg sektor	18
<b>IV</b>	<b>Styring og kontroll i verksemda</b>	<b>20</b>
4.1	Verksemda si risikostyring	20
4.2	Likestilling	22
4.3	HMT/Arbeidsmiljø	23
4.4	Miljøarbeid	27
4.5	Kyrkje- og gravplassforvaltning	27
<b>V:</b>	<b>Vurdering av framtidsutsikter</b>	<b>28</b>
<b>VI:</b>	<b>Årsrekneskapen</b>	<b>30</b>
	<b>Noter</b>	<b>31</b>
	<b>Vedlegg</b>	

Biletet framsida:  
Knavik kyrkje. Foto: Øystein Skauge  
Biletet baksida:  
Frå Knavik kyrkje. Foto: Ragnhild Tveit  
Bjørgvin biskop og bispedømeråd  
Postboks 1960  
5817 Bergen

Telefon 55 30 64 70  
e-post: bjorgvin.bdr@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/bjorgvin

Ansv. red: Stiftsdirektør Jan Ove Fjelltveit  
Utforming: dragefjellet.no



# I Leiar sin rapport

## Dåp og rekruttering

Bjørgvin bispedømeråd og Bjergvin biskop har i 2014 hatt særleg fokus på to kritiske område. Det eine er nedgang i tal på døypte og nedgang i talet på kvalifiserte søkjarar til kyrkjelege stillingar. For å møte desse utfordringane må ein vite noko om årsakene til nedgangen. Dette må sjåast i eit langsiktig bilete, både med omsyn til å finne årsakssamanhengar og med omsyn til val av framtidige mål og tiltak. Kyrkja er tett vevd saman med den generelle samfunnsutviklinga. Kanskje blir nokre tendensar synlege litt forsinka i kyrkja, og kanskje også noko seinare i distrikta på Vestlandet enn i andre strom av landet. Likeeins kan det vere at årsaken til nedgang i tal på døypte ikkje berre heng saman med verdiane hos ein ny generasjon foreldre, men like mykje med verdiane hos ein ny generasjon besteforeldre. Overlevering av verdiar må sjåast på både på lang sikt og på kort sikt. Deler av næringslivet snakkar om at dei må ha 10 og 30 års perspektiv på investeringane sine. Som kyrkje må vi klare både å sjå at det brenn og klare å tenke dei lange tankane. I Bjergvin ønskjer vi å ha gode tiltak kvart år, men vi vil likevel vektlegge at det er det kontinuerlege kvardagsarbeidet som byggjer kyrkjelydar. Visjonen vår er: «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd». Vi trur at dette skapar «Meir himmel på jord» og at bispedømet sin visjon og visjonen for heile Kyrkja slik sett heng saman.

## Ei relevant kyrkje

Frå bispedømenivået må vi arbeide for å støtte opp under det kyrkjelydane treng for å møte dei utfordringane ein står overfor. Vi kan gjere dette ved å gje auka kompetanse hos tilsette og frivillige. Til dømes vil vi fram mot Lutherjubileet 2017 søke å gje tilsette og frivillige ei større forståing av dåps- og reformasjonsteologien. Vi vil saman reflektere over kva det vil seie å vere ei luthersk folkekyrkje i dag. Vi ser òg at dette heng saman med dei endringane

som vil prege Den norske kyrkja i åra som kjem, både med omsyn til kyrkjeordninga og tilhøvet mellom stat og kyrkje. Kyrkja må vere relevant for folk flest. Dette er sentralt på mange område. Anten det er foreldre som skal ta stilling til dåp, eller ein ungdom som skal velje om kyrkja er ein aktuell framtidig arbeidsstad. Relevans er viktig også for deltaking ved kyrkjevalet, ved oppslutning rundt gudstenester og kyrkjelege handlingar og deltaking i trusopplæringa. Auka teologisk kompetanse og kvalitet i formidlinga tenker vi gjer at budskapet kan opplevast relevant for folk flest. Dette er ei langsiktig og kontinuerleg målsetting.

I 2014 har vi hatt fokus på arbeidsmiljøet ute i stabane. I kvart prosti har vi hatt ein HMS-dag for tilsette både i fellesrådslinja og presteskapet. Dette har gitt gode tilbakemeldingar, og vi har tru på at dette skapar auka trivsel og kan førebyggja konflikhtar. Vi vurderer det slik at dette heng saman med målsettingane på andre område. Kyrkjelydar med ein godt fungerande stab vil ha betre grunnlag for å nå mål om til dømes betre kvalitet i gudstenestene eller i trusopplæringa. Det er eit kontinuerleg arbeid å skape best mogleg arbeidsmiljø, både for tilsette og frivillige.

## Samhandling

Det er også særst viktig å skape gode arenaer for samhandling i rådsstrukturen og mellom dei ulike nivå i kyrkja. I 2014 har vi hatt fagsamling i alle prostia knytt til diakoni og misjon. Dette har vore eit samarbeid mellom bispedømet og ulike organisasjonar. Tilbakemeldingane på dette har vore svært gode. Vi har satt fokuset på fagområda misjon og diakoni, i tillegg har det vore samlande å arbeide med desse områda. Dette er ikkje lett målbart, ut over at tiltaket får god skår. Vi vil likevel trekkje det fram som sentralt. I ei tid der fokuset på organisasjon og struktur tar mykje rom, er dette med på å gje desse prosessane relevans ut over ein sjølv. I 2015 og 2016 blir det fokus på val og soknerådskurs og kyrkjeordning, og ein kan då bygge vidare



Dåp i Helgheim kyrkje, Jølster.  
FOTO: RUNE MOLVIK

på samlande prosessar som understrekar at vi er *ei* kyrkje.

### Kommunikasjon

Vi har også hatt fokus på kommunikasjon og har mellom anna hatt to pilotprosjekt og to kompetanskurs om «Å gjere kyrkja meir synleg». Dei ulike tiltaka har gitt svært gode tilbakemeldingar. Det er for tidleg å måle verknaden av dette generelt. Vi ser likevel at ein lokalt melder om gode resultat. Det gjeld auka medvit om det å ha ein informasjonsplan på ulike tiltak og ein har fått fleire oppslag i lokal presse. Dei melder òg om betre kvalitet på kommunikasjon via nettsider og sosiale media. Dette kan også sporast konkret til auke i deltaking på gudstenester eller trusopplæring som har fått fokus. Men naturleg nok ser vi òg at auka innsats ikkje har gitt resultat, då målt mot konkrete trusopplæringstiltak lokalt. Det er likevel ein indikator på at auke i kommunikasjonskompetanse kan gje auke i gudstenedeltaking eller trusopplæringa på kort og lang sikt om ein jobbar systematisk – og over tid.

### Trusopplæring

Prostane melder i sine årsmeldingar at det

er auka fokus på ungdomsarbeid i prostia etter ungdomsåret. Bispedømet satsing på Ung Katedral i St.Jakob i Bergen har byrja bera frukter. Dei har mellom anna vore senter for MILK frå tre kyrkjelydar, LIV-kurs i samarbeid med KFUK-KFUM og hatt ansvar for konfirmantundervisning i sokn utan fast prest. Prosjektet har eit rekrutteringsfokus, men treng tid for å etablere ein ressursbase og det er under etablering ein tenketank på rekrutteringstema. «St. Jakob +» har etablert seg som gudtenestetilbod for eldre ungdom og studentar (18 +). Vidare kan vi nemne at Bømlo og Voss har landets to største TenSing-grupper (Over 100 medlemmer i kvar). Konfirmantfestivalar i ulike delar av bispedømet har stor deltaking. Samstundes melder nesten alle kyrkjelydane på årssamtale for trusopplæring at gode breiddetiltak for 15-18 åringane er vanskeleg å få til.

Den generelle vurderinga av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme er at mykje godt arbeid blir lagt ned, både knytt til gudstenester, i kyrkjelydsbyggjande arbeid og i møte med folk i ulike livsepokar. Dette kan lett bli overskygga av fokus på tal som går nedover. I Bjørgvin ønskjer vi både å kunne ta på alvor at færre døyper borna sine, og å halde oppe

at mange fortsatt søker til kyrkja både ved dåp og konfirmasjon. I glede og sorg er kyrkja viktig for mange.

Bjørgvin bispedømeråd har i 2014 brukt ressursane til å understøtte kyrkja sitt hovudmål: DNK skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje som inviterer menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap. Kyrkja skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbæare menneskeverdet og utfordre til solidaritet. DNK skal vera ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

Bergen, 2. mars 2015

*Inger Helene Nordeide*

Inger Helene Nordeide  
bispedømerådleiar

*Halvor Nordhaug*

Halvor Nordhaug  
biskop



Frå stiftsmøtet i Ulvik 2014.

FOTO: JENS Z. MEYER

## II Introduksjon til verksemda og hovudtal

### 2.1 Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget

#### 2.1.1 Namn og departement ein høyrer inn under

Bjørgvin bispedøme er underlagt Kulturdepartementet og er i avgrensa saker underlagt Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

#### 2.1.2 Tilknytningsform

Bjørgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, 7. september 1170 vart St Sunniva relikviar forde frå Selja til Kristkyrkja i Bergen i samband med flytting av bispestolen.

Bjørgvin bispedøme er eit av 11 bispedøme i Noreg. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet.

#### 2.1.3 Mynde og ansvarsområde

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av kyrkjelova, gravferdslova, tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå departementet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane.

Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innafor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkje-lydsprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret. Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

#### 2.1.4 Overordna mål

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkje-



rådet. Visjon, strategi og årsplan for Bjørgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedøme er «*Saman vil vi ære Den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd*». Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Dei mest synlege områda er:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni

Bjørgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømeråd ønskjer å medverke til ei tydeleg folkekyrkje både i by og griskrendte strok av bispedømet.

## Oversyn over bispedømet

Prosti 10	Sokn 184	Medlemmer* 493129	Innbyg. 620527
Nordfjord	27	28037	32838
Sunnfjord	17	38651	44831
Sogn	28	24733	28366
Nordhordland	20	33599	36788
Vesthordland	9	52795	63770
Arna og Åsane **	11	48526	307063
Bergen domprosti	10	67756	-
Fana	11	105404	-
Hardanger og Voss	28	41604	47704
Sunnhordland	23	49984	59167

\* (inkl. tilhøyrande)

\*\* Sum Bergen domprosti, Fana og Arna og Åsane, inkudertl Os, Austevoll og Osterøy

## 2.2.5 Volumtal for bispedømet\*

	2012	2013	2014
Tal døypte	5407	5216	4945
Tal konfirmerte	5908	5800	5748
Tal kyrkjelege vigslar	1091	1002	967
Tal kyrkjelege gravferder	4446	4474	4394
Tal gudstenester sundag	6639	6573	6598
Gudstenestedeltakarar			
sun- og helgedagar	660531	656548	655579
Gjennomsnitt sundag	99,5	99,9	99,4
Tal gudstenester totalt	9024	8634	8525
Gudstenestedeltakarar totalt	818862	815506	803362

\*Tal frå SSBs årsstatistikk 2014.

## Nøkkeltal for årsrekneskapen

	2014
Tal årsverk	179,3
- herav i presteneste	161,7
Samla tildeling post 01	134 190 000
Utnyttingsgrad post 01	99,7%
Driftsutgifter	129 435 673
Lønnsandel av driftsutgifter	116 896 700
Andel løn brukt i prestenesta	107 839 347
Lønsutgifter per årsverk	666 910

FOTO: RAGNHILD TVEIT





Frå eit Lys Våken-arrangement i Herdla kyrkje.

FOTO: MARIT HOMMEDAL

### 2.1.5 Samarbeid med andre (kyrkjelege fellesråd, frivillige kristelege organisasjonar osv)

I Bjørgvin bispedøme er det 184 sokn med tilhøyrande sokneråd. Det er 59 kommunar, med tilhøyrande kyrkjeleg fellesråd. Bispedømet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon)

## 2.2 Omtale av organisasjonen

### 2.2.1 Leiingsstruktur

Organa Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd har felles administrasjon

lokalisert i Bergen. Bispedømerådet er tilsettingsorgan, biskopen leier prestenesta. I bispedømet er det ti prosti som kvar for seg er tenestemråde for pres-tane. Dei øvrige kyrkjeleg tilsette har i hovudsak fellesrådet som arbeidsgjevar.

### 2.2.2 Tilsette og årsverk fordelt på verksemd

I Bjørgvin bispedøme er det tilsett 174 prestar og prostar i 172,4 årsverk. Ved bispedømekontoret er det tilsett 18 personar i 17,7 årsverk. Desse har bispedømerådet som arbeidsgjevar.

### 2.2.3 Lokalisering

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med fylka Hordaland og Sogn og Fjordane og har 59 kommunar

med til saman 620 527 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med om lag 275 100 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 79,2 prosent er kyrkjemedlemmer i Bjørgvin mot 74,9 prosent i snitt for heile landet.

### 2.2.4 Organisasjonstruktur/organisasjonskart



### 2.2.5 Volumtal for bispedømet:

Sjå tabell side 5..

FIG 1: Gudstenestefrekvens




FIG 2: Gudstenestedeltaking





FIG 3: Gudstenestedeltaking - gjennomsnitt



## III Aktivitetar og resultat i 2014

### 3.1 Gudstenesteliv

#### Delmål:

Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje

#### Indikator 1:

Gudstenestefrekvens sun- og helgedagar (FIG. 1)

	2012	2013	2014
Tal gudstenester søndag	6639	6573	6598
Gudstenester andre dagar	-	2061	1927

#### Delmål:

DNK skal ha ei oppslutning som stadfestar karakteren av å vera folkekyrkje

#### Indikator 2:

Prosentvis endring i gudstenestedeltaking (FIG. 2 - FIG. 3)

	2012	2013	2014
Gjennomsn. søndag	99,5	99,9	99,3

Talet på gudstenester og fram møte er stabilt. Gjennomsnittleg er det 99,4 på kvar søndagsgudsteneste, det er ein halv prosentpoeng lågare enn i 2013.

Det er 25 fleire sun- og heilagdagsgudstenester i 2014 (6598) enn i 2013 (6573). Dette er innanfor normale kalenderavhengige svingningar. Oppmøtet på sun- og heilagdagar er omlag det same, 0,1 prosent lågare enn i 2013 (656548 i 2013 og 655579 i 2014).

Når det gjeld andre gudstenester utanom sun- og heilagdagar (1927 i 2014 mot 2061 i 2013) varierer det frå år til år, noko

som er naturleg sidan dette ikkje er faste gudstenester. Det er 6,8 prosent færre deltakarar i 2014 enn i 2013 (147683 i 2014 mot 158508 i 2013), dette samsvarer med nedgangen i talet på gudstenester slik at gjennomsnittsfrem møte helt seg stabilt på 76,6 i 2014 (mot 76,9 i 2013). Dette var ein oppgang på 11 i gjennomsnitt frå 2012. Det er grunn til å tru at når auken i gjennomsnittet har halde seg har det samanheng med at trusoppløringa i dei store kyrkjelydane ofte fører til fleire spesialgudstenester på andre dagar enn søndag og at dette er likt frå år til år.

Talet på gudstenester totalt har gått ned med 1,3 prosent (109 frå 8634 i 2013 til 8525 i 2014), og talet på deltakarar har også gått ned 1,4 prosent (11794 frå 815056 i 2013 til 803262 i 2014) slik at gjennomsnittleg oppmøte er omlag det same som i 2013 (94,2 i 2014 og 94,4 i 2013).

FIG 4: Konfirmerte av døypte 15-åringar




FIG 5: Inn- og utmelde





FIG 6: Dåpshandlingar



## Nattverd

Både talet på nattverdgdustenester og nattverdgjester går litt ned, vel to prosent til 2012-nivå, etter å ha auka tre år på rad (2011-2013). Gjennomsnittleg nattverddeltaking er den same, 37. Det førebels talet på nattverdgdustenester er: 4277 i 2014 mot 4399 i 2013, nattverddeltakarar var 156209 mot 160586 i 2013.

Det er vanskeleg å seia noko om nattverddeltaking på vanlege gudstenester ut frå dette talet fordi SSB-statistikken ikkje skil mellom nattverd i høgnessa og nattverdsgudstenester på aldersheim. Auken dei siste åra fell saman med ny gudstenesteordning med oppfordring til fleire nattverdgdustenester så det er grunn til å tru dette er bakgrunnen for auken dei siste fem åra og ikkje fleire institusjonsgudstenester. Det hadde vore ein fordel om SSB hadde endra skjemaet sitt på dette feltet.

## Indikator 3:

Del confirmerte av døypte 15-åringar (FIG. 4)

Konfirmerte av døypte 15-åringar (%)

	2012	2013	2014
Sogn og Fjordane	86,2	87	88,4
Hordaland	73,6	72,4	71,5

## Indikator 4:

Endring i talet på kyrkjelege vigslar

	2012	2013	2014
Tal kyrkjelege vigslar	1091	1002	967

Det er 35 færre vigslar og to færre forbønshandlingar for borgarleg inngått ekteskap, frå 20 i 2013 til 18 i 2014.

## Indikator 5:

Del kyrkjelege gravferder av talet på døde

	2012	2013	2014
Tal kyrkjelege gravferder	4446	4474	4393

Det var ein nedgang på kyrkjelege gravferder på tre prosent.

## Inn- og utmelding (FIG. 5)

Dei førebels tala viser at 105 melde seg inn, like mange som i 2013, medan nesten dobbelt så mange melde seg ut, 1224 mot 649 i 2013. Det er like mange som under sist kyrkjeval og det er nærliggande å tru at det skuldast avrøystingane om vigsel eller forbøn for likekjønna på

## Indikator 1:

Del døypte av tilhøyrande, born som er 1-5 år 1. januar 2014

Alder:	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Endring 1-2 år	Endring 1-5 år
Bjergvin	77%	80%	82%	83%	89%	-3,3%	-11,9%
Totalt	76%	77%	78%	80%	85%	-1,4%	-9,2%

Dåpsprosent av fødte	2009	2010	2011	2012	2013
Hordaland	72,2	70,5	70,1	68,0	67,1
Sogn og Fjordane	97,2	99,8	98,8	95,2	93,4
Bergen	58,6	56,2	56,3	54,0	52,5
Bjergvin bispedøme	76,1	75,2	74,8	71,5	
Heile landet	67,8	66,9	66,4	63,7	62,0

## Dåpstal i bispedømet

### – 5-årsperspektiv

	2009	2010	2011	2012	2013	2014*
Bjergvin bispedøme	5810	5708	5598	5407	5216	4945
Talmessig endr. frå året før	-20	-102	-110	-191	-191	-271
Prosentvis endr. frå året før	-0,34	-1,76	-1,93	-3,41	-3,53	-5,20

\* Ukorrigerte tal, innsamla gjennom prostane

Dåpstal fordelt på prostia	2013	2014	Endr.	Endr. %
Bjergvin bispedøme	5216	4945	-271	-5,20 %
Bergen domprosti	596	496	-100	-16,78 %
Fana prosti (gamle)	786	744	-42	-5,34 %
Arna og Åsane prosti (gamle)	425	383	-42	-9,88 %
Sunnhordland prosti	605	633	28	4,63 %
Midhordland prosti (gamle)	315	320	5	1,59 %
Nordhordland prosti (gamle)	436	442	6	1,38 %
Hardanger og Voss prosti (gamle)	400	358	-42	-10,50 %
Indre Sogn prosti (gamle)	217	229	12	5,53 %
Ytre Sogn prosti (gamle)	110	102	-8	-7,27 %
Sunnfjord prosti (gamle)	400	323	-77	-19,25 %
Nordfjord prosti	312	301	-11	-3,53 %
Vesthordland prosti	644	614	-30	-4,66 %

Prostigrensene er endra, så for samanlikning er prostia frå 2013 nytta.

kyrkjemøtet, då mange melder at utmeldingane kom på den tida.

## 3.2 Dåp og trusopplæring

### Dåpstal for Bjergvin (FIG. 6)

Tendensen når det gjeld dåp i bispedømet er urovekkande. Sjølv om tala frå 2014 ikkje er kvalitetssikra og alle tal ikkje er komne inn, er tendensen ein talmessig og prosentvis nedgang i dåp. Dei førebels tala viser at nedgangen er større enn fem prosent. I Bergen by er tendensen sterkare, der viser dei førebels tala at 1623 barn blei døypte i Bergen i 2014. Det er 184 færre enn året før og en nedgang på 10,2 prosent. Nedgangen er størst i Domprostiet med 100 færre born, frå 596 i 2013 til 496 i 2014, ein nedgang på 16,8 prosent.

Tendensen er ikkje lik over heile bispedømet. Det er rapportert ein auke i dåps-talet i Sunnhordland, Nordhordland og gamle Indre Sogn prosti.

Det er gjort nokre undersøkingar for å finna ut kvifor dåps-talet går ned. I «Rapport fra fokusgruppeundersøkelse om dåp» laga for kyrkjerådet av Ipsos MMI i november 2014 er konklusjonen at det kan sjå ut som om dåp i større grad er uttrykk for eit val som foreldra gjer og det er mindre vekt på familietradisjon og forventningar frå omgjevningar.

Når foreldra får større fridom til å velja følgjer også ei oppleving av ansvar. Har ein fyrst gjort eit val om dåp skal det gjerast av «dei rette grunnane» og vera noko ein kan stå for, og som uttrykker eins eigen identitet og verdiar. Dermed vil haldningane til kyrkja og eiga tru spela sterkare inn enn før.



Det er òg fleire enn før som seier at dei ikkje vil velja for borna, men vil la borna velja sjølv og difor ikkje har dåp når dei er små. Undersøkinga viser også at korleis dåpsforeldre vert møtte og kor enkelt det er å få dåp ein dag som passar, kan bety noko for om ein vel dåp. Det same gjeld kvaliteten på dåpsgudstjenestene. Dette er noko som kyrkja kan gjera noko med og det er t.d sett i gang arbeid for betre kvalitet på dåpsinformasjonen i Bergen. Dette er også eit tema på biskopen sine visitasar og møte med prestane.

### Delmål:

**Den norske kyrkja skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte born.**

### Indikator 1:

#### Opplæringstilbod i timar

	2012	2013	2014
Timar	214	189	185,2

Snittet for timar i godkjent trusopplæringsplan i Bjørgvin viser ein jamn «nedgang», men likevel vert det meir trusopplæring for fleire. Bispedømet har satsa på kvalitet framfor kvantitet og har vore

### Indikator 2: Deltakardel på nasjonale breiddetiltak

	Dåps- samtale	4-års bok	6-års saml.	Tårn- agent	Lys Våken	Kon- firm.	Etter konf.	Total
Døypte i målgruppe	1792	2600	2533	2922	2091	2891	1627	16456
Deltakarar	1816	1571	1007	872	710	2703	456	9135
% 2014	101	60	40	30	34	93	28	56
% 2013	101	56	35	29	27	93	23	

strenge på kva ein godkjenner som breiddetiltak, men i heilskapleg vurdering tar ein med alle tilbod kyrkjelyden har til born og unge.

Vi har mange svært små sokn, og Kvinnherad har til dømes 9 sokn og 12 kyrkjer på tilsvarande ei stilling i trusopplæring. Dersom ein skulle hatt LysVaken i kvart sokn ville det gitt 16 timar i kvar av dei ni planane med totalt 144t med LysVaken. Å leggje til rette for ni slike helger ville kravd mykje organisering og planlegging. Dersom ein skulle få til dette er det berre 16-17 tiltak med tilsvarande timetal igjen for å dekke 315 timar i kvart av sokna. Det fører oss inn i problematikken rundt grisgrendt trusopplæring; der det er små kull og stor avstand mellom husa eller kyrkjene. Erfaringane er at borna i størst grad kjem dersom det skjer i den lokale kyrkja.

Vi arbeider aktivt for å hjelpe trusopplærarane til å få meir timar trusopplæring ut av kvar time arbeid – vi er ikkje i mål med dette, men har i gang fleire forsøk.

Rapporteringsystemet fangar opp ein del ting, men i enkelte situasjonar kjem ikkje alle timane med trusopplæring i små sokn fram. Det er både ei teknisk og ei pedagogisk problemstilling om korleis ein skal utforme og skrive tiltak inn i planen for å få rettast mogeleg tal ved rapporteringa. Med tida vil difor timetalet gå opp, og bli rettare.

For dei første planane som vart godkjende er det høgare snittal for timar enn i dei planane som har blitt godkjent dei siste år, difor går snittet ned. Men det skal seiast at det har skjedd og skjer ei opprydding i nokon planar der ein justerer det ein ser var urealistisk, eller som ikkje let seg rapportere på (fordi det er for



Advent i Herdla kyrkje  
FOTO: MARIT HOMMEDAL



mange årskull og samlingar involvert). Stryn har til dømes 9 planar med om lag 300 planlagde timar i snitt. Medan ein har rapportert i 2014 for ca. 100 timar i snitt. Her byggjer ein om planane. Det som truleg kan skje er at vi går litt til ned i snittalet for heile bispedømet før vi klarer å hauste frukter av betre planar og betre rapportering og så går oppover mot 315 timar.

### Størst i landet

I Bjørgvin er vi størst i landet når det gjeld oppmøte på breiddetiltak i trusopp-læringa. Vi er det bispedømet som samlar flest innan kvar einaste kategori. Vi veks også i prosent der det er mogeleg å vekse. Av bispedøma har vi høgst prosenttal for fireårsbok og konfirmasjon, vi er tredje

«best» på LysVaken og 6-årstiltak, og på 4. plass for Tårnagenthelg. Dei nasjonale breiddetiltaka er motorar i mange trusopp-læringsplanar, og trekkjer i snitt fleire deltakarar enn eigenutvikla tiltak. Ei innvending mot dei nasjonale breiddetiltaka er at til dømes LysVaken og Tårnagen-thelg er svært ressurskrevjande arrangement som krev mykje av stabar og frivillige medarbeidarar. Men truleg gjer den felles profilen og marknadsføring «salsarbeidet» enklare. Tilbodet er blitt kjent og kvaliteten på opplegget er bra. Det ein i alle høve kan slå fast er at tiltak som har vore innarbeidd lengst har størst prosentvis oppmøte (dåpssamtale og konfir-masjon), deretter kjem 4-årsbok deretter. Elles er det ein fallande tendens med alder – høgare alder gir lågare oppmøte (unnateke konfirmasjon). Tiltak for 6-

åringar har raskt fått eit innpass, LysVa-ken er godt innarbeidd, medan Tårn-agenthelg er litt etter LysVaken i prosent-tal. Etter konfirmasjon er det fleire stader ein har lykkast godt, men dei fleste stader slit ein med å finne eit tiltak som gjer at ungdommane kjem.

Mange stader i Sogn og Fjordane luk-kast ein godt med Minikonfirmant-opp-legg. Kanskje kan det ha potensiale i seg til å bli eit nasjonalt breiddetiltak?

Er tala så rosenraude som dei kan syn-nast? Er vi på rett veg i trusopp-læringa? Tala viser at ein lykkast godt med mykje, men det er for tidleg å seie noko om ten-densar ut frå desse tala. Det har å gjera med at prosti for prosti får godkjent sine planar for trusopp-læring, kjem inn i driftsfasen, og blir tatt med i talgrunnlaga for denne statistikken. Først frå



prosentar på mellom 5 og 20. I materialet vi sit på no er Fana prosti og prostia i Sogn og Fjordane med. Nytt for 2014 var at ein fekk med Sunnhordland prosti. Det tala først og fremst viser er at Sunnhordland prosti trekkjer opp snittprosenten. Fana prosti er i Bergen, og har relativt låge prosenttal, men store årskull. I Sogn og Fjordane er oppmøteprosenten betre. I 2015 kjem tidlegare Midhordland prosti med, i 2016 Hardanger og Voss og Nordhordland, og i 2017 Arna og Åsane, Domprostiet og Vesthordland. Det betyr at prosenttala truleg vil halde seg i 2015 og 2016 for så truleg å gå ein del ned i 2017.

## Samarbeid kyrkje - skule/barnehage

### Indikator 1:

Gjennomsnittleg tal på skule- og barnehagegudstenester

	2012	2013	2014
Skulegudstenester	429	441	423

77 896 born var på skulegudsteneste, snitt: 184 pr. gudsteneste. I plan-rettleggninga og i alle innføringskurs har det vorte halde fram kor viktig eit godt skule/barnehage- og kyrkje-samarbeid er. Sjølv om det ikkje kan teljast timar på dette i planen, er det ei viktig side ved kyrkjelyden sitt arbeid at dei kan dokumentera eit godt skule-kyrkje-samarbeid som vedlegg til planane.

*Eit dome frå Birkeland sokn i Bergen: På disse trinnvise møtepunktene har ca 1020 elever – fordelt på 38 klasser vært i kontakt med kirken i løpet av 2014. (28 besøk i kirken / 21 besøk på skolene)*

## Barnehagegudstenester

**243 gudstenester, 16411 born, gjennomsnitt 67 pr. gudsteneste**

For skule/barnehage-kyrkjesamarbeidet ser ein at det er svært sårbart ved skifte av personale i kyrkja (prest/kateket/trusopplæringsmedarbeidar) eller ved leiarskifter/skifte av kontaktperson i skule/barnehage. Stader med stabilitet i stab har over tid bygt opp svært godt arbeid der ein har «funne ut av det» og bygt opp tillit. Tilliten vert årleg utfordra før jul av aksjonar frå Humanetisk forbund. Aksjonane skaper uro, og gjer partane i samarbeidet forsiktige og tidvis redde for å trø feil.

2017/2018 er talmaterialet så komplett at ein kan sjå reell vekst eller tilbakegang.

### Lokale tilbod samlar flest

Tala frå statistikken vert ikkje betre enn dei tala ein legg inn. Og ein ser at det er fleire mindre feil i talmaterialet. Fellestiltak mellom fleire sokn og kva ein gjer ved avlysing er kjelder til feilrapportering. Lærdommen er at barn og unge helst kjem når tiltak skjer i egne sokn. Så dersom det bur tre barn i eit sokn og ingen av dei reiser 20-30 kilometer (eller meir) til nabosoknet for å ta del i tiltaket der, står det eit oppmøte på 0 av 3 og 0 prosent oppmøte for det soknet. I soknet der dei arrangerer tiltaket kan det komme 8 av 10 barn og ein har då 80 prosent oppmøte for dei. Reiseavstand til staden tiltaket

vert arrangert har altså noko å seie for oppmøteprosenten. Der ein slit med oppmøtet i distrikta er organiseringa (sentralisering) av arbeidet ofte ein medverkande årsak. Ein måte å møte dette på er å samle fleire årskull og heller ha tilbodet lokalt.

### By og land

Ein ser klare ulikskapar mellom by og land, eller bynære stork og grisgrendte stork. I eininga Førde, Holsen og Haukedalen ser ein at i Førde kom 23 av 143 på 6-årstiltak. Prosenttalet der er betre enn for mange einingar i Bergen by, men litt utanfor Førde i Holsen og Haukedalen kom 9 av 9 på tilsvarande tiltak. I Bergen har fleire av dei nyare breiddetiltaka som Lysvaken og Tårnagenthelg oppmøte-

# Trusopplæringa - eit læringsfellesskap

Erfaringane frå trusopplæringsrådgjevarane viser at fellesskapen er nødvendig både for å lære og for å ha ein stad å dela gleder og utfordringar.

## Stadig betre

I 2014 har vi godkjent fire nye planar etter ein grundig prosess og tett kontakt med mentor og einingane i tidlegare Midhordland prosti. Det har vore samlingar der einingane har presentert sine planutkast og fått respons frå andre einingar og frå rådgjevar i bispedømet. Planane vert betre år for år sidan erfaringane frå kvar runde med godkjenning kjem dei til gode som kjem etter i arbeidet. For ein del av dei første godkjente planane er det snart trong for revisjon, sidan ein har gjort seg ein del praksiserfaringar. Det er tiltak som har vist seg å vere for ambisiøse, for lite gjennomtenkte, eller som ein rett og slett ikkje har fått opp og gå av ressursårsakar eller fordi for få har meldt seg på. Å prøve er å lære og å utvikle – og vi blir stadig betre også av å gjere ting som ikkje lukkast heilt.

## Stadig fleire

Dei tre siste prostia i bispedømet fekk løyving til å starte planarbeidet i 2014. Til saman vart det 20 sokn. 16 sokn innanfor BKF (Bergen kirkelige fellesråd), og fire utanfor. Vi hadde innføringskurs på dagtid i kvart prosti for staben. Her fokuserte vi på endringane som skjer i kyrkja og endringane som skjer pga. trusopplæring, vi hadde tverrfaglig gruppearbeid og idémyldring om korleis ein kan involvere lokalt kulturliv i planarbeidet. Erfaringane var ulike frå stad til stad – der heile stabane stilte vart nytta størst. For samlinga i Domprostiet fekk vi med ein trusopplæringsmedarbeidar som delte frå sine erfaringar med planarbeidet.

På kveldskursa for stab, sokneråd og frivillige har ønsket vore å få til involvering, eigarskap og engasjement – og vi trur at vi har lukkast med det. Det er obligatoriske kurs med ein del formelle informasjonar, men vi har fått gode evalueringar på dei. Vi delte ut evalueringsskjema på to kurs, og fekk over 5 i snitt på bane (skala 0-6). Oppmøtet frå sokneråd og stabar har vore litt skiftande, med under ti i nokre mindre by-kyrkjelydar – då er det vanskeleg å få til brei eigarskap i sokna. Det er stor skilnad i kor lett det er å få på plass desse kursa. Det var vanskelegare å få kursa til i sentrumsnære strøk, enn litt lengre ut frå bykjerna.

## Å nå ut

Korleis skal ein favne fleire, og nå ut med trusopplæringa? - er eit tema vi stadig vender tilbake til. På kurs, samlingar og konferansar har vi tatt opp temaet frå ulike vinklar. Tema som omdømme, sjølvforståing, mediekommunikasjon og marknadsføring har vi arbeidd mykje med i 2014, og vi ser allereie gode spor etter det. I haust etter kurset med konsulentane frå «Himmelhøgt» har vi sett mange medieoppslag om trusopplæring i Bjørgvin i lokale medier. Trusopplæringa har eit fokus på mengda, kvantitet, men også kvalitet.

## Å nå inn

Fører trusopplæringa til endring i livet til barn og unge ein kjem i kontakt med? Det er litt tidleg å konkludere på dette

området, men vi får i årsrapportsamtalar og ved andre treffpunkt del i mange historier om «Det gode møte». Vi høyrer om oppglødde og nøgde born som har hatt «den beste dagen i livet mitt» på trusopplæringstiltak, og tilsette i trusopplæringa som opplever «gyldne moment» då alt arbeid og strev får si «løn». Men når vi inn til oss sjølv i det daglege (sjå under)?

## Å ha nokon å spele på

Vi ser ein stor slitasje og høg turnover i trusopplæringsstillingar. Det er ikkje noko godt vitnemål. Noko av det vi for tida satsar mest på i Bjørgvin er å ha stader der vi kan dele gode og dårlige erfaringar. Vi må få dele gleder og sorger, suksessar og nederlag – og det gjer vi mellom anna på årsrapportsamtalane.

Vi identifiserer også ei trong for oppfølging. I slike utflytande stillingar som vi har i kyrkja må vi turnere arbeid og fritid, heim og oppgåver, og det er alltid meir å gjere, eller som kunne vore gjort. Det ein skal dele er også nært – det handlar om tru og liv. Gud gir, men gir han for lite? Vi deler, men deler vi for lite? Får vi det vi treng til arbeidet? Dette er spørsmål som trusopplærarar og andre i kyrkjelege stillingar kan bale med. ABV, veiledning, mentoring, coaching eller liknande tilbod kunne nok motverke slitasjen og hindre ein del av turnoveren. Her må vi nok saman finne ein god veg – slik at dei som står åleine kan ha nokon som er der for seg, når dei skal vere der for så mange.



**STØRST AV ALT**  
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



## Ungdom:

**Mål: Ungdomsarbeidet aukar etter ungdomsåret.**

### Indikator 1:

**Gj.snittleg tal på tiltak for ungdom.**


Bjergvin bispedøme har eit rikt og godt arbeid for ungdom. Kyrkjeleg årsstatistikk tek føre seg nokon tiltak som vert målte. I denne tabellen kan ein samanlikna desse med åra før. Ein har ikkje halde same nivå på aktivitetane som i 2013 under «Ungdomsåret», men det ligg høgare enn 2012. Det er også mykje godt og viktig ungdomsarbeid som skjer i kyrkjeleg regi, men som ikkje blir fanga opp i

SSB-statistikken. Det arbeidet dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane gjer med sine samlingar, leirar, tilbod om aktivitetar, deltaking på KRIK-ARENA, Skjærgårds, ULM, TT og andre storsamlingar vert ikkje fanga opp. Heller ikkje det gode styrearbeidet og fokus på ungdomsdemokrati som skjer i mange av desse organisasjonane.

### Indikator 2:

**Tal på deltakarar på ungdomstinget**

Ungdomstinget hadde i 2014 100 prosent auke i deltakinga (frå 20 til 40 deltakarar). Det kan vera ei frukt frå Ungdomsåret og satsinga på Ung Katedral i St. Jakob. Ungdomsrådet har hatt fem



## Tal på tiltak for ungdom

Tiltak	Gudst.-for ungdom	Klubb kafé (13-15)	Andre tiltak (13-15)	Klubb/kafé (16+)	Sport	Leiar-kurs	Anna opp-læring	Week-end	Anna
2014	305	76	54	55	33	86	17	97	45
2013	316	71	69	51	48	77	26	71	33
2012	282	71	45	42	47	69	-	-	22

### Frammøte

2014	34744	1981	893	1413	555	703	194	1665	734
2013	37000	2897	1468	1217	695	706	222	1368	984
2012	30000	2073	656	1048	627	543	-	-	269

møte. Dei har vore representerte på Ungdomens kyrkjemøte (tUKM) i Stavern 2014. Dei har arbeidd med saker frå Ungdomstinget og saker frå UKM. Kyrkjefagavdelinga har gått gjennom sakene frå Ungdomstinget og følgd opp på denne måten. Ungdomsrådet har berre hatt eit møte med bispedømerådet. Bispedømrådet har ikkje kome med eigne saker til ungdomsrådet.

Det er eit ynskje i ungdomsrådet at ungdom på lokalt nivå kan bli meir delaktige i planlegginga av t.d gudstenestene.

# Følgjer av ungdomsåret

## Bjergvin bispedøme hadde i 2013 ei storsatsing: Ungdomsåret 2013.

Mange tiltak vart sett i gang og vårt inntrykk var at det var til inspirasjon både for dei som alt dreiv tiltak for ungdom og ein inspirasjon til å starta noko nytt.

I statistikken ser vi det som var forventet. Når det gjeld ungdomsgudstenester ser vi ein oppgang i ungdomsåret 2013 og ein liten nedgang i 2014, men stadig hø-

gare enn 2012-nivå. Dette er ikkje uventa då det var mange særlege tiltak i samband med Ungdomsåret.

I ungdomsåret tok Bergen domkirke menighet initiativ til å ta i bruk St. Jacob kirke som permanent ungdomskatedral. Både studentprestane og KFUK/KFUM har lagt sine gudstenester der slik at det no er ungdomsgudsteneste kvar sundag kveld, alltid med kyrkjekaffi og sosialt etterpå. I snitt har det vore over 50 deltakarar på desse gudstenestene.

Når det gjeld meir langsiktige tiltak er det gledeleg å sjå at talet på leiarkurs aukar. Dette var ei av satsingane i ungdomsåret, og vi tolkar talet slik at ein del kom i gang i 2014. Det var 70 leiarkurs i 2012 og 86 i 2014. Talet på deltakarar på leiarkurs har gått opp frå 574 i 2012 til 703 i 2014. Også talet på ungdomsklubbar og ungdomskaféar har gått opp, deltakartalet har gått opp med 35 prosent frå 1048 i 2012, 1217 i 2013 til 1413 i 2014.

Dobla deltakartal på Ungdomstinget.

FOTO: ARNT JOHAN VISTNES



## Opplæring for vaksne

Med så stort fokus på trusopplæring for gruppa 0-18 år har andre sider komme ned på prioriteringslista ein del stader.

Vaksenundervisning, bibeltimar, bibelgrupper og liknande der ein går meir i djupna enn på gudstenesta er ein føre-

setnad for å lukkast også med trusopplæringa for born og unge. For kven skal undervise barn og unge, kven skal ha kunnskapen og korleis kan ein gje den vidare i heim og kyrkje – her er det ikkje tilstrekkeleg med løna innsats. Opplæring for vaksne tener til meir kunnskap, til fellesskap og til medarbeidarskap. Lukkast ein med gode opplæringsmiljø for vaksne i kyrkjelyden vil det vitalisere arbeidet. Bjørn Nygaard har utarbeidd eit Alpha-liknande konsept kring «Den apostoliske trusvedkjenninga» i 2014 i samarbeid med bispedømet. Ressurs-

heftet vart gjort ferdig til stiftsmøtet og distribuert til alle prestane i bispedømet. På stiftsmøtet var det eit seminar om temaet undervisning for vaksne og etter konfirmasjonsalderen. Bjørn Nygaard deltok, andre opplegg vart presentert, det vart oppmoda til å utvikle eigne konsept, og vi hadde tid til litt erfaringsutveksling frå arbeid som er i gang. Utover hausten var vi i samtale med fleire kyrkjelydar som vil ta opp att undervisningskveldar for vaksne.

Resultata av dette vert ikkje synlege før i 2015.

### 3.3 Kyrkje og samfunn

#### 3.3.1. Diakoni

**Styringsparameter:** Legge til rette for å styrke kyrkjelydane som diakonale fellesskap, fremja alternativ til forbrukarsamfunnet sine ideal, bidra til bærekraftig forvaltning av skaparverket, kjempa mot det som trugar menneskelivet, helse og menneskeverd og integrere fleirkulturelt og internasjonalt perspektiv og engasjement.

#### Resultatmål 1.

Talet på diakonar/diakonimedarbeidarar.

#### Resultatmål 2.

Utbreiing av diakoniplanar.

#### Indikator 1:

Delen kyrkjelydar som har diakonal betening: 32, ein auke på to.

#### Indikator 2:

Delen sokn med lokal plan: 106. To nye diakoniplanar godkjende.

Om vi måler aktivitetane opp i mot styringsparameter, resultatmål og indikatorar, har 2014 vore eit godt år for Bjørgvin bispedøme. Særleg har det vore arbeid aktivt med måla om helse og menneskeverd og det å integrere fleirkulturelt og internasjonalt perspektiv og engasjement i kyrkjelydane.

Talet på diakonar har hatt ei lita auke (2 stk.) medan 2 nye diakoniplanar er godkjende. Talet på kyrkjelyder med diakonal betening er og auka i og med tilsetjing av to nye diakonar i to 100 % stillingar. Bjørgvin bispedøme har samstundes mykje å gå på. Av 32 diakonar og diakonarbeidarar er berre 17 omfatta av statlege tilskot. Det kan vere krevjande for dei fellesråda som ikkje har statleg tilskot å oppretthalda desse stillingane då dei er avhengig av velvilje frå kommunar, private gjevarar og andre.

Eit positivt forhold og eit særst godt grep for å legge til rette for å styrke kyr-

kjelydane som diakonale fellesskap, kjempa mot det som truar menneskelivet, og fokusere på helse og menneskeverd har vore nyskapinga «Diakoni i Bjørgvin». Dette økumeniske og ikkje-formelle nettverket bind saman kyrkjelydar og diakonale insitusjonar, lag og foreningar. Fruktstmøta bidreg på ein god måte i dette arbeidet. Samstundes vart «Bjørgvin diakonikonferanse» den møtestaden for tru, fag og personleg kveik arrangørane håpte på. Tilbakemeldingane var eintydige: dette må gjentakast. Det er håp om å arrangere konferansen annankvart år.

Ei anna god oppleving som tyder på at møter «på tvers» er ein god ting, var den grøne fagdagen om diakoni som skule vore arrangert i 2014, men som vart arrangert 16. februar 2015 på Søsterstuene, Haraldsplass. Fokus var Klimapilegrim 2015, Skaparverkets dag og Grøne kyrkjelydar. Tilstades var grøne prostikontaktar, diakonar/ diakonarbeidarar, Kirkens Nødhjelp sine distriktskontakter, ressursgruppa for miljø og rettferd. Prostar og styret for Samarbeid Menighet og Misjon i Bjørgvin (SMM) var òg inviterte

Bjørgvin diakonikonferanse samla fullt hus frå ulike diakonale aktørar då den vart skipa til for første gong.

FOTO: JENS Z. MEYER



Jeg ønsker meg  
**en kirke**  
som er et moralsk  
**fyrstårn**  
og alltid tar den  
**svake**  
**parts parti**



Redaktør i Bergens Tidende, Gard Steiro, møtte prostar og kyrkjeverjer på den årlege leiarkonferansen. Han var tydeleg på sine ønske til kyrkja.

FOTO: JENS Z. MEYER

men dei kom ikkje. Tilbakemeldingane på denne dagen var også svært positive. Og det slår oss: dager som bidreg til å løfte blikket og fokuserer på kvifor vi er kyrkje, ser ut til få gode tilbakemeldingar. Så også med misjons- og diakoniturneen «La livet vinne». (meir om den i kapitlet om misjon).

### 3.3.2 Menneske med utviklingshemming

Arbeidet med og for menneske med utviklingshemming er viktig for kyrkja, og det vert gjort godt arbeid mange stader i bispedømet. Det trengs likevel ei klårare

prioritering av dette arbeidet, og ei betre samordning. Det kan vere mykje å tene på å samle informasjon og distribuere idear og moglege arbeidsformer betre.

Det var vikar i stillinga som rådgjevar på dette feltet i 2014, og var oppe til drøfting om stillinga skulle lysast ut som heil stilling, då rådgjevar Leif Arne Økland sa opp. Etter ei grundig drøfting og høyring valde bispedømerådet å lyse ut ei heil stilling som rådgjevar for inkluderande kyrkjeliv, med tilsetning i februar 2015. Det er eit viktig signal om kor viktig dette arbeidet er i kyrkja. I ei tid med store omstillingar i høve det endra forholdet til staten er det sær viktig at menneske med utviklingshemming, og men-

neske med andre funksjonsnedsetningar ikkje blir gløymde.

### 3.3.3 Forbruk og rettferd

#### Resultatmål:

Fleire kyrkjelydar vert grøne kyrkjelydar.

#### Indikator:

Tal på grøne kyrkjelydar: 21

Miljø og klima fekk ein stor del av programmet for Stiftsmøtet 2014. Det har ikkje kome nye grøne kyrkjelydar i Bjørg-



vin i 2014. Dette heng truleg saman med at det for tida ikkje er ein eigen rådgjevar for miljø og forbruk ved bispedømerkontoret. Det har vore sett på ny struktur for arbeidet med grøne kyrkjelydar på sentralt hald i 2014. Dette var ikkje klart før seint på hausten. I Bjørgvin skal kvart prosti ha ein grøn prostikontakt. Dei har etterlyst resultatet av arbeidet med grøne kyrkjelydar, og vi vonar større innsats på dette området i 2015.

### 3.3.4 Kommunikasjon og samfunnskontakt

**Kyrkja er ein relevant aktør i mediesamfunnet.**

Kyrkja er ein tydeleg og konstruktiv aktør i det norske samfunnet i samarbeid med styresmakter, livssynssamfunn, kulturliv og ulike organisasjonar.

#### Resultatmål:

Utvikla velfungerande heimesider

#### Indikator:

Treff på heimesidene

Desember 2013	Desember 2014
1504 økter	4686 økter - 151 pr. dag

På grunn av feil i statistikk knytt til den nye nettsidene, har vi ikkje tal for Bjørgvin sine nettsider før desember.

Bjørgvin sine nye nettsider vart opna 3. september. I etatsstatistikken står det oppført 34 861 treff. På grunn av feil i statistikk knytt til den nye nettsidene, har vi ikkje tal for berre Bjørgvin sine nettsider før desember.

#### Presseklipp

Det vart i 2014 registrert om lag 550 relevante presseklipp på biskopen i Bjørgvin, 64 av desse var for fungerande biskop Jan Otto Myrseth då biskop Halvor Nordhaug hadde studiepermisjon/var sjukmeldt hausten 2014. Papirutgåvene til Dagen, Vårt Land og BT dominerer saman med Dagen.no og NRK.

Tema med mange oppslag: Halvor Nordhaug sin kritikk av teaterstykket «I Guds navn», samliv mellom likekjønna, reklame i Bergen sentrum, Konflikt i Ostereidet sokn og visitas i Sportsklubben Brann. Jan Otto Myrseth fekk mykje merksemd fordi han var den biskopen som var først på banen i kritikken av det

kommersielle samarbeidet mellom prinsesse Märtha Louise sin engleskule og Lisa Williams, som meiner ho kan ha kontakt med dei døde. Myrseth var eit par gonger gjest på TV 2 frokost-TV laurdagsmorgonen, der han kommenterte aktuelle saker. Bispedømerådet og administrasjonen er i mindre grad i media enn det biskopen er.

### 3.3.5 Kultur

#### Styringsparameter:

Vidareutvikle og styrke kyrkja si rolle som kulturformidlar.

#### Resultatmål 1a:

**Auka statleg og kommunal finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av kyrkjelyd og bispedømeråd.**

#### Resultatmål 1b:

**Auke privat finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av sokneråd og bispedømeråd.**

#### Resultatmål 2:

**Auka samarbeidet mellom kyrkja og kultursektoren.**

#### Resultatmål 3:

**Auka kyrkjeleg kulturkompetanse.**

#### Indikator 1:

**Talet på kyrkjelege kulturtiltak som har motteke offentleg støtte.**

55 kyrkjelege kulturtiltak i fellestråda har i 2014 søkt og motteke offentleg støtte (stat, fylke, kommune)

Pr. 15. april har vi motteke 49 svar på ei undersøking om kulturstøtte i 2014 som vart sendt alle fellestråd i Bjørgvin og sokn i Bergen. Tilsvarende undersøking for 2013 gav 80 svar.

#### Indikator 2:

**Talet på kyrkjelege kulturtiltak som har motteke privat støtte.**

66 tiltak har motteke privat støtte.

#### Indikator 3:

**Talet på nye samarbeidstiltak i 2014:**

27 nye tiltak, 6 av tiltaka vart organiserte i samarbeid med andre sokn i same kommune, 2 i samarbeid med andre sokn i

andre kommunar, 1 med bispedømet, 2 med fylkeskommune, 10 med kommune, 12 med lag og organisasjonar og 5 med andre samarbeidspartar.

#### Indikator 4:

**Talet på tiltak el. deltakarar på kompetansehevande tiltak i bispedømet: 4 tiltak, 63 deltakarar:**

Sokna er aktive og gode når det gjeld å søke offentleg støtte og meir reserverte med å oppsøkje private sponsorar. Dei fleste kulturtiltaka organiserar deg sjølve. Det trengs tid og overskot og engasjement for å utvikla støtteverdige samarbeidsprosjekt i nærmiljøet. Det er viktig for kyrkja si relasjonsbygging og status i samfunnet at slike tiltak blir oppmuntra, premierte og synleggjort i statistikkar, offentlege dokument og talar.

#### Vurdering:

Bispedømet sin kulturrådgjevar fungerer som ein kyrkjekulturell fødselshjelpar og koplar, og har størst glede av å sjå at kyrkja sine kulturarbeidarar, både profesjonelle og frivillige, blir meir kompetente og trygge i si rolle som attraktive medspelarar i det kyrkjelege arbeidsfellesskapet og i det generelle kulturelle landskapet i samfunnet. Dei gjennomførte tiltaka i 2014 har hatt ulike målgrupper:

#### 1. Intern:

Styrke kantorane – spesielt dei utanlandske, i si rolle som musikalsk leiar i soknet, aktive bidragsytarar inn i t.d. trusoppplæringsarbeidet og effektive og kloke kulturrådgjevarane når det gjeld deira sentrale rolle som forvaltarar av kyrkjelege skattar og kyrkjelydsbyggjarar, på lik linje med t.d. trusoppplærarar.

#### 2. Ekstern:

Kyrkje og samfunn: Trekkje inn både kyrkeverjer, prostar og sokneråd i utviklingsarbeidet rundt Kystpilegrimsleia – som er eit flott døme på synleggjering av korleis sokna langs kysten no blir attraktive samarbeidspartnarar for både reiseliv, næringsliv og kultur og saman vil utgjere lappeteppet Kystpilegrimsleia. Grunnlovsjubileumsmarkeringa – Welhavens tale, var eit lite, men vellykka prosjekt der partane frå museum, kyrke og kommune, alle gav av sitt beste for å synleggjera verdiane i arven frå Eidsvoll.

Det har vore vanskeleg å samla kantorane. Svak økonomi er eit hinder for at dei

blir sendt på kurs eller fagdagar. Vi har viktige arbeidsoppgåver framfor oss når det gjeld rekruttering til kantoryrket. Det vil krevje tiltak innan talentutvikling, utvikling av relevante studietilbod og auka tilgang til praksisplassar i kyrkjene. Vi må også sette inn tiltak for å auke talet på sokn som har vedtatt Plan for kyrkjemusikk.

### 3.4. Rekruttering og ulønna medarbeidarskap

#### Resultatmål 1:

Rekrutteringa til vigsla stillingar vert styrka

#### Resultatmål 2:

Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

#### Indikator 1:

Tal på vigslingar: 9 presteordinasjonar og 1 diakon (sjømannskirken)

#### Indikator 2:

#### Tal på frivillige

2013	2014
11083	11048

Björgvin bispedømeråd hadde 103 søknader til 21 prestestillingar. Søkjargrunnlaget varierer, men det er jamt få søkjarar på stillingane. Med omsyn til at Björgvin har høgast alderssamansetting i presteskapet, vil rekruttering av unge søkjarar vere kritisk viktig i åra som kjem.

Når det gjeld kantorar er utdanninga lagt ned i Bergen grunna svakt søkjargrunnlag. Vi hadde fleire søknader om dispensasjon frå utdanningskrav til kateketstillingar. I Bergen aleine blei det tilsette fire kyrkjelydspedagogar i kateketstillingar.

Bispedømerådet har starta arbeid med rekruttering langs fleire innfallsvinklar. Det er etablert tettare samarbeid med NLA, med omsyn til presteutdanning og

utdanning av trusopplærarar. Det er lagt ressursar ned i Ungdomskatedralen, mellom anna med ei prestestilling med særskilt fokus på rekruttering. Ein tenketank er under etablering.

Nærvær ved ungdomsarrangement er ei oppfølging av Ungdomsåret. Biskopen vurderer ny ungdomstur til Taize, med ungdomsråd og unge leiarar. Senioriltak er kopla mot rekruttering, ved at store sokn og prosti får ekstra ressursar som støtte til prestar som er sentral i stort ungdomsarbeid og strategisk tenking i prostiet.

### 3.5. Andre område i kyrkjeleg sektor

#### 3.5.1 Misjon

#### Resultatmål:

Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon

Kyrkjesoga illustrert som punkt på eit langt tau. - Det er vår oppgåve å føra den vidare, sa Ingvald Frøyen (t.h.) på misjons- og diakoniturnéen.

FOTO: VETLE KARLSEN EIDE



### Indikator:

#### Tal på kyrkjelydar med inngått misjonsavtale: 116. Ingen nye i 2014.

Med utgangspunkt i resultatmålet om å få fleire kyrkjelydar engasjerte for misjon, er dette blitt oppnådd. Misjons- og diakoniturneen «La livet vinne» har skapt entusiasme og begeistring for kyrkja sitt internasjonale arbeid. Det tyder evalueringa på. Misjonsorganisasjonane har òg meld om oppgang i gåver og talet på nye misjonsavtaler, jfr. indikatoren for talet på kyrkjelyder med inngått misjonsavtale.

Dei endelege tala for talet på nye misjonsavtaler var ikkje gjort kjend da fristen for årsrapportering var, så talet frå eatarsrapporteringa kan bli justert.

Eit interessant utsagn frå ein av kyrkjeverjene kom på siste dagen av misjons- og diakoniturneen. Han sa: «Det var så godt å kunne nytte ein heil dag på det å vere kyrkje. Det blir så fort snakk om

økonomi, val, utgreingar mm. Dette var ein god dag!» Utsagnet kan tolkast på fleiere måter, men ei tolking som fell i hop med erfaringane får «Bjørgvin diakonikonferanse» og fagdag om grøn diakoni, er at kyrkjelege tilsette treng samlingar som held opp visjonane om kyrkja og kva kyrkja kan bety for det einkilde menneske. Det handlar mao om at vi gjenneom desse samlingane byggjer kyrkje, og at denne måten å gjere det på vert opplevd som gode grep.

### 3.5.2 Demokratiutvikling

#### Resultatmål:

#### Legge til rette for auka deltaking og styrking av det kyrkjelege demokratiet

Med kyrkjeval i 2015, har hausten 2014 vore brukt til valkurs og tilrettelegging for nominasjonsarbeidet fram mot bispedømerådsvalet. Det vart foreslått 38

leke kandidatar til bispedømerådsvalet, i 2011 var det 25 kandidatar.

### 3.5.3 Fengselspresttenesta

Bjørgvin bispedøme har fire fengselsprestar i 330 prosent stillingsressurs. To er i Bergen fengsel, ein (80 %) i Bjørgvin fengsel og ein (50 %) i Vik fengsel i Sogn. Vi får gode tilbakemeldingar om at dei har ei teneste som betyr noko der dei er. Den er utfordrande, difor har dei regelmessig arbeidsretteleing og deltar på samlingar og kurs for å dyktiggjera seg til tenesta. Denne tenesta vert sett på som så viktig at det ikkje er vurdert reduksjon til no.

### 3.5.4 Samisk kyrkjeliv

Det har i 2014 vore halde to gudstenester på samisk i Bergen.

Prostiturteene hadde ulikt mannskap undervegs. I Nordfjord fekk deltakarane møta (f.v.) dagleg leiar Knut Hallen, (Samarbeid for Menighet og Misjon), misjonsrådgjevar Vetle Karlsen Eide (Bjørgvin bispedømekontor), gen.sekr. Berit Hagen Agøy (Mellomkirkelig råd), ass. gen.sekr. Jorunn Andestad Langmoen (Israelsmisjonen), gen. sekr. Anne-Marie Helland (Kirkens nødhjelp), regionleiar Grethe Lunde (NMS) og regionkonsulent Gunnar Kartveit (Kirkens Nødhjelp).





Frå kurset «Korleis gjere kyrkja meir synleg» som var eit tiltak bl.a. for å fremja oppslutnaden om gudstenesta.

FOTO: JENS Z. MEYER

## Del IV: Styring og kontroll i verksemda

### 4.1. Verksemda si risikostyring i 2014

Årsplanen for 2014 har hatt ei risikovurdering på alle satsingsområda, sett opp mot kritiske suksessfaktorar og delmål. Det har auka kvaliteten i vurderingane rundt kva tiltak ein har gjeve prioritet. Det er også gjort vurderingar på om mål er nådd eller om risiko er redusert. Som kompetanseverksemd vil auka kompetanse vere eit vanleg tiltak. Å måle auke i kompetanse er omfattande, men ein kan delvis kunne måle det i brukarevalueringane. Dette er gjort både på dei enkelte tiltaka, og generelt i eiga brukarundersøking opp mot presteskapat og ei opp mot fellesråda og fellesrådstilsette.

Tiltaket «Å gjere kyrkja meir synleg» får svært gode tilbakemeldingar på relevans og nytte. To kyrkjelydar var pilotar på å lokalt arbeide med kommunikasjonsplanar, og i boka «En meir synlig kirke» av Oddbjørg Aasen Bjørdal står nokre av desse tilbakemeldingane. Kyrkjevevjerje Olav Martin Vik skriv: «*Me vart inspirerte til å gripa tak i eigne informasjonsmetodar og å nytte media for å fortelja om verksemda og tilboda til Den norske kyrkja i Øygarden*» Vidare: «*Å nå ut med budskapet er krevjande i dagens samfunn. Relevant opplæring*

*innanfor kommunikasjon er difor naudsynt».*

Om tiltaket har gjeve deltakarane, eller majoriteten av deltakarane, auka kompetanse, så aukar og sjansen for at risikoen for å ikkje nå målsettinga er redusert. Eller

sjansen for at målet blir heilt eller delvis nådd – aukar. Som eit eksempel på risikokartlegging, viser vi dette eksempelet trekt ut frå årsplanen, med vurdering og status ved årsslutt (tabellen under).

Risiko for delmål 1) er vurdert som alvor-

Satsingsområde/ Hovudområde	Resultatmål 2014	Indikatorar	Kritiske suksessfaktorar	Risikovurdering
<b>GUDSTENESTELIV</b> Kyrkja sitt gudstenesteliv skal fornyast slik at det gjev større rom for fleksibilitet og valfridom i kyrkjelydane, meir involvering frå fleire deltakarar og sterkare lokal forankring av gudstenestelivet.	1) Auka gudstenestedeltaking	1) Gjennomsnittleg deltaking pr gudsteneste	Gode lokale gudstenester	Manglande evaluering og fornying av ordning. Gudstenester som ikkje kommuniserer
		1b) Gjennomsnittleg deltaking pr gudsteneste på søn- og heilagdagdar	Gode lokale gudstenester	Manglande evaluering og fornying av ordning
	2) Alle kyrkjelydane har fått godkjent lokal ordning	2) Tal på lokale ordningar godkjent av biskopen	Gjennomført lokal prosess med informasjon om å laga planar	Manglande oppfølging av prost/bispedømekontor

## Risikokart gudstenesteliv

Sannsynleg	Svært høg					
	Høg					
	Moderat		2)		1)	
	Liten					
	Svært liten					
		Ubetydeleg	Låg	Moderat	Alvorleg	Svært alvorleg
<b>Konsekvens</b>						

## Tiltak gudstenesteliv

Tiltak gudstenesteliv	
1) Planlegga kurs og fagdagar om forkynning og kommunikasjon i gudstena.	Stiftsmøte 2014 gjennomført. Tema og seminar om betre kommunikasjon. To prosti har gjennomført «kunsten å snekre en preken». (H&Voss og Sunnhordland). Kurs om «Korleis gjere kyrkja meir synleg» både i Førde og Bergen: Hovudfokus på trusopp-læring, men også på å auke medvitom om kunngjering av gudstenedetilbod m.m.
1) og 2): Gjennomføra ny godkjenning av gudstenedeordningar etter at dei er evaluerte i sokneråda. Forbeta skjema	Utsett til 2015
Prostikurs om implementering av forteljartekstar i gudstena, (der også menneske med utviklingshemming kan delta), ved å kursa prestar, trusopp-lærarar og diakonar ute i prostia.	Vesthordland og Nordhordland prosti

leg og det er moderat sannsynleg at ein ikkje oppnår målet med «auke i gudstenededeltaking». Tiltaka blei særleg lagt på ulike sider ved «det å kommunisere». Vurdering er gjort ut frå tiltaka, sett mot målsetting, eksemplifisert i tabellene over.

## Vurdering - gudstenesteliv

Dei ulike tiltaka hadde som mål å auke kompetanse på kommunikasjon i ei brei forståing av feltet. Alt frå marknadsføring til korleis tek vi imot folk og korleis preikene evner å kommunisere. Det at tiltaka har fått gode tilbakemeldingar er ein indikator på at tiltaka svara på målsettinga. Når det gjeld å måle verknaden av tiltaka er det vanskelegare. Det er òg for tidleg å sjå dette generelt. Det tenkjer vi må vurderast i ein lengre tidshorisont. Det er planlagt tiltak med dette fokuset fram

mot 2017, og verknaden i måltal kan i mindre grad koplast tilbake til ein skilde tiltak, meir til ein langtidsstrategi. Vi ser likevel at eksempelvis kurs i marknadsføring får gode tilbakemeldingar, og at ein lokalt melder om gode resultat. Til dømes på auka medvit om det å nå ut med informasjon, betre kvalitet på nettsider og andre informasjonskanalar og konkret auke i deltaking i gudstener, særleg på gudstener med særleg fokus på til dømes trusopp-læring. I stort kan ein seie at det er ein indikator på at tiltaket kan gje auke i gudstenedeltaking.

Statistikken viser at målsettinga med auke i gudstenedeltaking er delvis nådd, men tala er ikkje sikre nok til av vi kan seie noko absolutt. Det er kanskje meir riktig å seie at ein har bremsa utviklinga noko, men at det er særleg grunna gudstener med særleg preg. Gjennom-

snittleg deltaking ved sundag- og heilagdagsgudstener er relativt stabil, ein ørliten nedgang på 0,3%. Gjennomsnittsdeltaking ved andre gudstener er gått noko opp, særleg sett i eit fem års-perspektiv. Tal på sundagsgudstener går ned, mens tal på andre gudstener går opp, men det er store variasjonar i dette talet frå år til år. Feilmarginane knytt til tala er såpass store at det må ein og ha med i vurderingane. Til dømes melder ein kyrkjelyd om nedgang på 20%, men ei kritisk vurdering peiker på at kyrkjelyden ikkje opplever nedgang, men det har vore skifte i kyrkjetenar, og då kanskje nytt blikk på korleis ein tel? Konklusjonen er at arbeidet med å auke gudstenedeltakinga er eit langsiktig prosjekt, men at ein vil bygge vidare på erfaringane frå 2014.

Tiltaka på kommunikasjon gjekk igjen både på trusopp-læring og gudstenedeliv, sidan deltaking er ein kritisk suksessfaktor på begge desse områda.

Vi har også hatt fokus på HMS og samspel mellom begge arbeidsgjevarlinjene i 2014. Desse områda ligg ikkje inne i hovudsatsingsområda, men er slik vi vurderer det risikofaktorar som påverkar satsingsområda generelt.

Likeeins har vi hatt brukarundersøking på bispedømekontoret si generelle verke- send opp mot presteskapet og fellesråda. Denne blei gjennomført i november 2014 og vil danne grunnlag for vidare arbeid med tiltak for å kvalitetssikre forvaltninga. Nokre område har vi arbeidd målretta med dei siste åra, og i nokon grad kan vi sjå forbetringar med kortare svar- tid på ulike godkjenningssaker. Samstundes ser ein at negative evalueringar kan koplast mot fleire årsakssamanhengar enn forvaltninga aleine.

## Økonomi

Økonomien er også ein viktig styringsfaktor. Bjørgvin bispedømeråd har tatt inn eit meirforbruk, og hatt kritisk gjennomgang på fordeling av stillingsressursar knytt til prestetena. I 2014 gav ein signal til kyrkjeveverjene at ein i 2015 vil sjå på tilskot til diakoni- og kateketressursane. I samband med ledige stillingar ved bispedømekontoret har ein også hatt ei høyring på nokre av stillingane, for å sjå på moglege endringar. For både presteskapet og administrasjonen har vi hatt ei forsiktig linje på å opprette nye faste stillingar. Mindreforbruket i 2013 og 2014 er difor styrt mot prosjekt med kortare tidshorisont. Mellom anna har ein tatt høgde for at det er naudsynt med noko auke i ressursane

på personal- og økonomifeltet fram mot 2017. Likeeins har ein oppretta prosjektstillingar som anten er seniortiltak eller rekrutteringstiltak, som då avlastar i presområda, men ikkje bind opp økonomien. Det er også gjort vedtak som bind opp ressursar knytt til alle prestane i etterutdanningsprogrammet «Reformasjonsteologi» fram mot 2016. Desse tiltaka heng saman med det generelle risikobiletet, og er difor styrt medvite med ei kritisk vurdering for å ha handlingsrom til å sette inn nokre målretta tiltak på kompetanseheving og rekruttering.

## 4.2 Likestilling

Björgvin har som mål å «Motivere og legge til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja».

### Kjønnsfordeling i presteskapat

Vi nærmar oss 20 % kvinnedel i presteskapat, med små steg kvart år. Bispedømerådet har stor merksemd retta mot å betra denne prosentdelen. Vi nemner at i Bergen domprosti er det ca

40 % kvinner blant prestane. Totalen i 2014 var likevel noko dårlegare enn det vi skulle ønskje. Talet på kvinnelege søkjarar utanfrå bispedømet var lågt, slik at tilsetting av kvinne ikkje har medført endring i statistikken. Kritisk gjennomgang vil vise at i to-tre tilfelle vart andre omsyn lagt større vekt, og at eksterne kvinnelege søkjarar ikkje blei tilsett. Det har i desse tilfella vore fokus på å søkje å få desse søkjarane til å søke vidare på andre stillingar. Same fokus har ein på unge søkjarar også.

Det er ingen kvinnelege prostar i Björgvin etter at ein la ned Midhordland prosti i 2013. Vi har dei siste tre åra redusert med tre prosti og berre hatt ei utlysing av prostestilling, med ein søkjar.

### Indikator 1: Del kvinner i faste prestestillingar

Kjønnsfordeling %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		Øvrige stillingar	
	Kv.	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
<b>Alle tilsette</b>	17,8%	82,2%	0	100%	18,9%	81,1%
<b>Heiltidstilsette</b>	19,7%	80,3%	0	100%	19,7%	80,3%
<b>Deltidstilsette</b>	0	100%	0	0	0	100%
<b>Gjennomsnittsløn (1000 kr)</b>	503	531	0	678	503	519



Frå ordinasjonen av Kristin Lødøen Hope i Fridalen kirke.

FOTO: JENS Z. MEYER

Björgvin bispedøme har hatt fleire tiltak på likestillingsområdet dei siste fem åra. Eit eige kvinnettverk har hatt 3-4 samlingar. I 2014 var ressursgruppa noko redusert, men ein arrangerte ein eigen fagdagar for kvinner i presteteneste.

Ved tilsettingar blir alle kvinnelege søkjarar, eller inntil tre, innkalla til intervju. Einaste unnatak er utanlandske søkjarar i dei tilfella der ein har nok kvalifiserte søkjarar.

### Vi har og sett på moglege barrierar mot likestilling:

- Björgvin har hatt negativt omdøme, dette har ein arbeidd aktivt med å snu. Mellom anna gjennom alltid å bruke kvinnelege prestar på rekrutteringsdagar og liknande. Samstundes har media

trekt fram saker frå ti til femten år tilbake i tid. Desse er med å oppretthalde noko av dette biletet.

- Det er høg del kvinner i to av prostia i Bergen, men vi har òg prosti utan kvinner. Få andre kvinnelege kollegar i eit prosti er ein barriere. Det har vore aktiv målsetting å ha minst to av same kjønn i kvart prosti. Dette har det òg vore fokusert på med omsyn til alder, då med tanke på å ha kollegaer på same alder. Det er samstundes ikkje slik at den totale kvinneandelen berre kan betrast gjennom tilsettingar i Domprostiet.
- Björgvin har mange prestar med høg alder, ein del av dei i kapellanstillingar. Dersom ein ønskjer at desse prestane skal få andre stillingar og opna for yngre kapellanar, er det i nokre tilfelle blitt ei vanskeleg avveging mellom to viktige prioriteringar.
- Mogleg motstand mot kvinnelege søkjarar i sokneråd, innstillingsråd og bispedømeråd rår ikkje administrasjonen over, men ein har høg merksemd på at dette i svært liten grad skal takast omsyn til.
- Bispedømerådet har bede administrasjonen ta bort formuleringa «kvinner vert oppmoda til å søkje», då kvinnene i rådet meiner den er utdatert.

## Kjønnsfordeling på bispedømekontoret

Kjønnsfordeling %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		Øvrige stillingar	
	Kv.	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
<b>Alle tilsette</b>	44,4%	55,6%	25%	75%	50%	50%
<b>Heiltidstilsette</b>	41,2%	58,8%	25%	75%	46,2%	53,8%
<b>Deltidstilsette</b>	100%	0%	0%	0%	100%	0%
<b>Gjennomsnittsløn (1000 kr)</b>	488	579	615	733	470	513

Björgvin bispedømeråd har gjort same vurderingar på barrierar når det gjeld etnisitet, legning og nedsett funksjonsevne. Vi vil meine vi ikkje diskriminerer på desse områda. Når det gjeld samlivsform har biskop og bispedømeråd gjort prinsippvedtak som medfører at samlivsform vert etterspurt og vektlagt. Når det gjeld utanlandske søkjarar, har ein vore varsam med å kalle inn til intervju der ein har hatt kvalifiserte norske søkjarar. Det er samstundes blitt tilsett gode søkjarar med utanlandsk bakgrunn, men vurderinga vår er at vi har ein terskel av di vi tenker språk og kulturkompetanse blir lagt vekt på. Krav om nynorsk er også ein slik terskel i nokre stillingar.

Ved bispedømeadministrasjonen har det ved rekruttering på fire stillingar blitt tilsett to menn i stillingar der det tidligare var kvinner, begge på området trusopp-læring. I ei stilling var det inne vikar, mann. Og ei stilling er ikkje lyst ut på nytt, men det er inne kvinne i ei prosjektstilling. Dette har medført at fordelinga er relativt lik med omsyn til kjønn, men at avdelingane har skeiv kjønnsfordeling. Dette er ein medviten om, men ved rekruttering har søkjargrunnlaget gjort at situasjonen er blitt slik den er blitt. Björgvin bispedømeråd har gjort same vurderingar på barrierar for likestilling på administrative stillingar som for prestestillingar, men med nokre færre aktuelle kriterier.

Lønnsforskjellane mellom kvinner og menn er liten i presteskapet, og kan i stor grad reflekterast i alderssamansetning og at ein ikkje har kvinnelege prostar. På bispedømekontoret er også forskjellen liten for stillingane utan om leiarstillingar.

Sjukefråværet er på 4,6 prosent for kvinner og 3,9 prosent for menn. Dette er også vurdert som lågare enn landsgjennomsnittet for kvinner og like over for menn. I praksis om lag på gjennomsnitt, og ikkje noko dramatisk.

### 4.3. HMT/Arbeidsmiljø

**Hovudmål: Løyvingane til prestenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.**

#### 4.3.1 Geistleg personale

##### Indikator 1:

###### Kyrkjemedlemer pr. fast prestestilling

Totalt i Björgvin bispedøme er det ca 3000 medlemmer pr faste prestestilling. Om vi ser på Sogn og Fjordane åleine, er det ca 2300, i Hordaland ca 3200 medlemmer pr prest. I Bergen er talet ca 4000 medlemmer pr fast tilsette kyrkjelydsprest.

##### Indikator 2:

###### Talet på prestar

Gjennomsnitt av årsverk for 2014 er 161,7 prestar, noko som gjev 90 prosent del prestearsværk i bispedømet. Jfr pkt 5.1 i etatsstatistikken. (Berre Borg har høgare prosentdel, 91.)

##### Indikator 3:

###### Talet på nyttilsette prestar, eksklusiv overgang frå annan prestestilling

I 2014 vart det tilsett åtte nye prestar som ikkje kom frå statleg prestestilling. To av dei kom frå prestestilling i fellelråd.

##### Indikator 4:

###### Vakansar i faste prestestillingar

Fem stillingar har stått vakante over noko tid, ein grunna manglande søkjarar med formalkompetanse, dei fire andre ut frå strategiske vurderingar i eit lengre perspektiv. Der har vore vikar i fire av

desse stillingane. I tillegg viser etatsstatistikken at Björgvin har brukt pensjonistar til relativt mange enkelttenester, totalt 5,7 årsverk. Erfaringa viser at bruk av enkelttenester ved ulike frávær er meir kostnad/nytte-effektivt enn vikardeking i prosentstilling. Ein vikar gjer ofte berre enkelttenester, det vert for krevjande å fylla dei resterande timane fornuftig.

##### Indikator 5:

###### Talet på prestar som har slutta før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annan prestestilling.

Ein prest har slutta for å ta ny utdanning som lærar.

Vi opplever å få kvalifiserte søkjarar til stillingane vi lyser ut, og gler oss over at mange vil vera prest i Björgvin.

Samstundes ser vi at bispedømet vårt har størst prosentdel prestar over 60 år (33). Dette er ei utfordring, og vi må jobba godt i åra som kjem for å rekruttera nye.

#### 4.3.2 Arbeidsvilkår

##### Resultatmål:

###### Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.

##### Indikator 1:

###### Gjennomsnitt sjukefråver

Sjukefråværsprosenten i bispedømet er 4,02 prosent, noko som må seiast å vera tilfredsstillande. I arbeidsmiljøundersøkinga sa halvparten av dei som svara at dei hadde vore på jobb sjølv om dei var sjuke. Halvparten av desse igjen oppgav at det hadde skjedd ein til to gongar, 11 prosent meir enn fem gongar. Meir enn 90 prosent av dei hadde ikkje vore i kontakt med prosten på førehand for evt å få vikar. Dette vert vurdert til å vera innanfor normalen i arbeidslivet.

##### Indikator 2:

###### Gjennomsnitt fridagar pr. prest som ikkje er tekne ut

Gjennomsnittleg tal på fridagar pr prest som ikkje er tatt ut, er fem. Ca 80 prosent seier det er etter eige val, sume nemner også ønskje frå sokneråd som grunn. Vi ser dette er noko avhengig av alder, men haldning og kultur er også viktige faktorar her. Prostane har stor merksemd retta mot god planlegging av fridagar, dette må halda fram.



Bispedømerådsleiar Inger Helene Thingvold Nordeide underviser komande prestar om prestar sine arbeidsvilkår

FOTO: CHRISTER OLSEN

### Indikator 3:

#### Trivselsscore i arbeidsmiljøundersøkinga

Det er jamt over god score på spørsmåla som kjem inn under 'trivsel' i arbeidsmiljøundersøkinga. Vi nemner særskilt spørsmåla som handlar om samarbeid, med svar kring 5, av 6 mogelege, samarbeidet med prosten 5,3. Dette må haldast ved like, berre forfallet går av seg sjølv.

#### 4.3.3 Prestebustadar

Det er framleis stor merksemd kring prestebustadane i Bjørgvin. Administrasjonen opplever å ha god kontakt med Opplysningsvesenets fond (OVF) og med kommunane om bustadane. Gjennom systematisk arbeid sidan 2010 har vi no betre kunnskap for å prioritere vedlikehald for dei ulike prestebustadane.

Etat for boligforvaltning i Bergen (EFB, tidlegare BBB) eig 38 prestebustadar, ein del av desse med trong for vedli-

kehald. Vi er samde med EFB om først og fremst å rehabilitere dei bustadane vi har, framfor å kjøpe nye.

Opplysningsvesenets fond (OVF) eig 55 bustadar i Bjørgvin. Mange av desse er store og tunge å halde ved like. Det er i år brukt mykje pengar på oppgraderingar, og prestane si HMT-undersøking viser at bustadane har blitt noko betre. Nokre av dei største og mest krevjande bustadane må takast i 2015, noko som vil leggja beslag på store delar av budsjettet for komande år.

#### 4.3.4 Lokale tilhøve og utfordringar

##### Resultatmål:

Prestetenesta skal vera tilpassa lokale tilhøve og utfordringar (betre bruk av kompetansen i presteskapet)

##### Indikator:

Kor stor del av prestane som er gjevne eit spesialisert ansvarsområde innan prostiet.

Få prestar har fått eit spesialisert ansvarsområde innan prostiet. I Sunnfjord prosti er to stillingar omdisponerte til spesialprestar for born og unge med ansvar i fleire sokn. Dette er noko ein ynskjer å få til i fleire (alle) prosti, utfordringa med omsyn til arbeid blant unge må takast på alvor og prioriterast. Profilen på stillingane som vert lyste ut vert kvar gong vurdert med tanke på kva sokna og prostiet har bruk for. Det gjeld alle satsingsområde.

Det viser seg vanskeleg å få utnytta prestane sin spesialkompetanse på tvers av sokna. Ein travel kvardag krev sitt. Å skapa ein ny kultur på dette tar tid. Dei fleste prostane er merksame på dette, og prøver å få prestar som har tatt etterutdanning til å formidla dette til fleire. Det skjer, men ikkje systematisk nok og langsiktig nok.

#### 4.3.5 Kompetanseutvikling

##### Resultatmål:

Prestane skal stimulerast til å utvikle





Personalprest Bård Haukedal og biskop Halvor Nordhaug deler ut nattverd på ei samling for teologistudentar.

FOTO: CHRISTER OLSEN

## kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta.

### Indikator 1:

#### Snitt studiedagar pr. prest.

Gjennomsnittleg tal på studiedagar pr prest er 5,5. Dette omfattar også lengre Regionalt etterutdanningsutval (REU)-kurs og lengre kurs for alle prestane i nokre prosti. Ei studieveke kan takast ut av alle prestane etter avtale med prostane. Mange gjer dette. Dei kan sjølve velja tema og litteratur, eller reisa på kurs andre arrangerer. Studieveka går inn som ein del av studiepermisjon innvilga i REU. I tillegg er det alltid faglege innslag i konventa som er med på å vedlikehalda og utvikla nødvendig kompetanse i presstekvardagen.

Det er relativt få som søker vidareutdanning via REU, sjølv om prostane oppmodar til dette i medarbeidersamtalane sine. Nokre få søker ofte, andre sjeldan og aldri. I 2015 og 2016 vert det gjennomført eit felles studium «Reformatrisk teologi i ein kyrkjeleg reformal-

der» som ei kompetanseheving i samband med reformasjonsjubiléet i 2017. Dette er obligatorisk for alle fast tilsette prestar. Seinare bør ein undersøka nærare kvifor så få søker etterutdanning.

Etter omlegginga av etter- og vidareutdanninga der eit større ansvar er gjeve til biskopen som arbeidsgjevar, ynskjer vi i større grad enn før å bestilla kompetanse. Dette har vi gjort ved å gjera reformasjonskurset obligatorisk og ved å setja eit mål om at vi ynskjer at ti prestar skal ha kompetanse på grisgrendte stork. Difor har vi bede prostane utfordra prestar til å delta på MF-kurset «Å vera kyrkje i grisgrendte strøk». Dette kurset er blitt til etter at Bjørgvin har arbeidd særskilt med dette temaet.

### Indikator 2:

#### Tal på forsøksprosjekt

Fellesråda som har hatt forsøksprosjekt om felles råd, er no slått saman (Leikanger-Sogndal).

Bjørgvin bispedøme har to forsøksprosjekt knytt til rekruttering. Det eine

er eit samarbeidsprosjekt rundt Ungdomskatedralen St Jakob og det andre er bruk av tre midlertidige stillingar som prostiprest i dei tre prostia som på sikt treng auke i faste stillingar. Bestillinga til begge prosjekta er at dei skal støtte opp under arbeid i sokn som har arbeid for aldersgruppa 16-18. Begge prosjekta er i startgropa.

## 4.3.6 Retrettarbeidet

Bjørgvin bispedøme har òg i 2014 samarbeidd med Retreat Bergen og Senter for åndelig veiledning om retrettarbeidet. Det er tilbod om både kveldsretreat og lengre retreat. Etter ein lengre prosess vart «Senter for åndelig veiledning» utvikla ved utgangen av 2014, men tilbodet om å gå i åndeleg rettleiing stå ved lag. Det er fleire medarbeidarar i bispedømet som er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer åndeleg rettleiing kan kome i kontakt med ein av dei. Dei åndelege rettleiarane har ein årleg fagdag, dei møtest på team-

samlingar og dei går sjølve i åndeleg rettleiing. Personalpresten er kontaktperson for åndeleg rettleiing.

### 4.3.7 Arbeidsrettleiing (ABV)

**I Bjørgvin har det i 2014 totalt vore 9 ABV-grupper med til saman 42 deltakarar. 40 av deltakarane har vore prestar og 2 diakonar.**

- Fire av gruppene har vore tverrfaglege grupper som går over to år med til saman 66 timar rettleiing.
- To av gruppene har vore prostegrupper kor prostane har hatt regelmessig kollegarettleiing. Alle prostane er med på det.
- To av gruppene har vore ABV-rettleiargrupper kor rettleiarane rettleier kvarandre
- Ei gruppe har vore rettleiingsgruppe for fengselsprestane

Fire prestar har hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid. I tillegg har vi sidan 2011 hatt ordninga med mentor. Den er i hovudsak for dei som er nye i tenesta. Då har ein ei tid jamlege samtalar med ein røynd kollega om store og små spørsmål og utfordringar ein møter i tenesta. I 2014 har over 20 prestar hatt mentor. Ordningar med mentor kjem i tillegg til arbeidsrettleiing, og er tenkt som eit tilbod ein får før ein blir deltakar i ei ABV-gruppe. Rettleiingsarbeidet har i 2014 vore inne i ei omleggingsfase. Fagdagan i september var ei vidare innføring i «språkssystemisk el. dialogisk veiledning». Deltakarane vart betre kjent med filosofien bak, og øvde på å rettleie med bakgrunn i det dei har lært. I dei nye gruppene som startar opp på nyåret i 2015 vil denne måten å tenkje rettleiing ligge i botn av arbeidet. Gruppene vil også vere opne og kontinuerlege, og ikkje som før faste og avgrensa i tid. Opne vil seie at det vil skifte kven som over tid er i gruppa – ein kan vere med eitt år eller fleire år. Kontinuering vil seie at gruppa består, om deltakarane skiftar.

### 4.3.9 Leiing og samvirke

#### Hovudmål:

**Bispedømerådet skal stimulere til auka samarbeid mellom kyrkjelydane og mellom dei ulike forvaltningsnivåa i kyrkja.**

#### Styringsparameter:

**Funksjonell organisering, kostnadseffektiv forvaltning og brukarorienterte tenester.**

Bjørgvin bispedømeråd og Bjørgvin bispedømme har årleg leiarkonferanse i samarbeid med Bjørgvin kyrkjeverjelag. For Bergen er det to årlege møte med leiargruppa hos kyrkjeverja, prostane og leiinga ved bispedømekontoret.

Kyrkjeverjelaget har og nyorganisert seg med ei kyrkjeverje frå kvart prosti. Det er då to til tre møtepunkt der også bispedømet er inne i deler av møtet. Dette håper ein kan gjere samvirket noko enklare, og meir forpliktande. Samspel med 59 fellesråd, der Bergen er eit av desse, er komplisert og kritisk viktig. Til dømes ved felles HMT-dag i kvart prosti. Her valde dei fleste fellesråda å delta, men fellesråda i eit prosti valde å ikkje delta, og kurset er utsett i Bergen. Dei stadene HMS-dagen blei gjennomført var tilbakemeldingane at dette var viktig. Med enkle grep klarte ein å skape dei gode, felles samtalene om korleis ein ønskjer å ha arbeidsmiljøet i den lokale staben.

### 4.3.10 Medverknad (Medbestemmelse etter arbeidsmiljøloven)

#### Indikator 1:

**Delen av prestar som har hatt medarbeidersamtale**

Prostane har medarbeidersamtalar med alle prestane sine kvart år. Dei møter også kyrkjeverjene i prostia jamleg, som gruppe eller kvar einskild. I Bergen møtest dei tre prostane, leiinga ved bispedømekontoret og leiargruppa i Bergen kyrkjelege fellesråd to-tre gonger kvart år for å drøfta aktuelle saker. Biskopen har medarbeidersamtale med alle prostane kvart år. Same dagen har prostane eigne møte med personal og kyrkjefag.

#### Indikator 2:

**Kontaktmøte i prostia**

Alle prostane har minst eitt kontaktmøte med lokallaga kvart år, dei fleste har tre-fire møte. Av tema som har vore til drøfting, kan nemnast arbeidsplan, ferieplan, plan for etterutdanning, velferdstiltak, gjennomgang av tilpassingsavtale og strategiske satsingar i prostiet. Dei har i tillegg jamleg kontakt med lokal- lag- sleiar(ane).

#### Indikator 3:

**Tverrfaglege konvent**

Det har vore tverrfaglege konvent/samlingar i alle prostia. HMT og det psykososiale arbeidsmiljøet har vore tema, det same har misjon og diakoni, integrering av utviklingshemma, samspelet mellom kyrkje og kultur, mm. Enkelte av desse har vore for alle kyrkjeleg tilsette i prostia, andre for alle vigsla stillingar.

Erfaringa viser at jamlege møte styrker tilliten mellom tilsette og leiinga og gjev eit betre utgangspunkt for godt samarbeid. Det gjeld både samtalar, kontaktmøte og konvent. Samspelet i stabane vert også betra av felles opplevingar med godt fagleg innhald.

### Utfyllande om medverknad på bispedømenivå

Det er årleg fire kontaktmøte på stiftsnivå mellom fagorganisasjonane i presteskapa og bispedømeleiinga. I nokon grad kallar ein inn til ekstramøte om ikkje dei fire faste møta er nok. Sidan 2013 har ein hatt felles kontaktmøte med både Presteforeningen og TeoLogene. Regionalt verneombod er også med på kontaktmøta. Regionalt arbeidsmiljøutval har møte i forlenginga av kontaktmøta. I tillegg har REU eigne møte.

For bispedømeadministrasjonen har ein òg tre til fire kontaktmøte per år. Normalt møter stiftsdirektør frå leiinga, men kan og trekke inn avdelingsleiarane ved særskilte saker. Fagorganisasjonane møter frå Akademikarane, Unio og Parat. I samband med verksemdsoverdraging har arbeidsgjevar også hatt informasjonsbolkar knytt til stiftsmøte for presteskapa og i stabsmøter for administrasjonen.

Bjørgvin har inne tre representantar på tillitsvaldsida nasjonalt, og slik sett er tilbakemeldingane frå staben at ein er godt opplyst om prosessane.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Bjørgvin bispedømeråd hadde gjennomgang av sine beredskapsplanar i 2013. Politipresten leia dette arbeidet, saman med personalpresten. Prostane har hatt dette som tema i prostemøta, og hatt ansvar for kontakten opp mot fellesråda i sine prostia.

Det er noko ulik kultur på kontakt mot fylkesmannen i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kyrkja si rolle står sterkt i

Sogn og Fjordane og ein av prostane har hatt kontakten mot fylket. I Hordland har Politipresten denne rolla, og har ansvaret for LRS. Vi vurderer at arbeidet med «samfunnssikkerhet» og beredskap er godt kvalitetssikra. Øving og kompetanse er i stor grad knytt til prestane sitt daglege virke. Øving på scenario der ein er råka sjølv, har ein ikkje funne nokon god form på, men er medviten om ulike problemstillingar knytt til dette. I samband med at norske mål i utlandet vart råka av terror, var det også naudsynt med rolleavklaringar mellom Sjømannskyrkja og bispedømet.

#### 4.4 Miljøarbeid

Bjørgvin bispedømekontor er miljøfyr-tårnverksemd. Vi ser fram til at nytt video-møteutstyr skal bli tatt i bruk på alle bispedømekontor og i kyrkjerådet. Vongleg vil det medverka til litt færre reiser.

Frå Altartavla i Knarvik kyrkje.  
Utforming: Tor Lindrupsen.

FOTO: RAGNHILD TVEIT

#### 4.5. Kyrkje- og gravplassforvaltning

I 2014 har biskopen hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer:

Ombygging av kyrkjer – av desse var fem knytt til universell utforming (ute), to var søknad om varmpumpe	13
Bygging nærare kyrkja enn 60 m	7
Godkjenning av orgel/flygel	7
Kyrkjetekstil. (Etter at Kyrkjemøtet i 2013 vedtok at vigsla diakon i liturgisk teneste kan bere skråstola har fire diakonar i Bjørgvin skaffa dette i 2014)	19
Rehabilitering og endringar i interiøret (inkludert universell utforming)	13
Kunstnarleg utsmykking (inkludert tre ikon)	11
Inventar (inkludert liturgisk utstyr)	7
Benker/stolar (inkludert benkeputer)	17
Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljøs)	10
Brann- og sikringstiltak	3
Andre saker (saker knytt til grunnlovsjubileet, høyring)	12
Medlemsskap	5

I 2014 har Bispedømerådet hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkelov og gravferdslov.

	2012	2013	2014
Løyve til sokn om å få ta opp lån	6	5	3
Omregulering/endring av kyrkjegardar	2	10	11
Gravplassvedtekter	3	7	4
Fråsegn til kommunale planar	15	20	15
Fråsegn fylkeskommunal plan			1
Klagesaker, to fekk medhald. Åtte av klagenes gjeld festeavgift	39	10	
Godkjenning av ferdigstilt gravplass	1	1	4



# V: Vurdering av framtidutsikter

**Bjergvin bispedømeråd og Bjergvin biskop forsøker å ha eit langsiktig blikk inn i årsplanane. Nokre av tiltaka dei siste åra har blitt lagt merke til også utanfor bispedømet.**

- Ungdomsåret i 2013.
- Prosjektet «Å vere kyrkje i grisevrenndte strok», som i 2015 fører til ein etterutdanningsmodul og konferanse i samarbeid med Det teologiske Menighetsfakultetet.
- Kursopplegget «Å gjere kyrkja meir synleg» har vore ein pilot, og resultert i bok av Oddbjerg Aasen Bjergdal.

## Endringar og mål fram mot 2020

Dei neste åra vil bli prega av prosessane i kyrkja rundt eit tydeleg skilje stat – kyrkje og ny kyrkjeordning. I både 2015 og 2016 vil dette ta kapasitet frå deler av bispedømeadministrasjonen. Likeeins vil valet hausten 2015 og påfølgande kursverksemd våren 2016 også ta mykje tid. Det er difor i den perioden mindre rom for andre kurs og tiltak. Dette gjeld både i administrasjonen og ute i sokna.

Biskopen har prioritert at alle prestane skal delta på etterutdanningskurs i Reformasjonsteologi 2015-2016. Dette er ei førebuing til Luther-jubileet i 2017, samt at det svarar på ulike utfordringar ved å vere luthersk kyrkje i dag.

## By og land

Bjergvin bispedøme har utfordringar som er ulike frå prosti til prosti. By-prostia har andre utfordringar enn distrikta. Korleis nå alle medlemmer med eit godt tilbod? Kva skal til for å bygge gode relasjonar med brukarane av kyrkja sine tilbod? Volum på kyrkjelege handlingar kan gjere handlingsrommet lite til kyrkjelydsbyggjande arbeid. Når det er sagt, så er det mange av dei sokna med størst press som og har mest kyrkjelydsarbeid. Fleire av dei store sokna i Bjergvin har gode tal på å nå breitt nok ut, trass i knappe ressursar, målt mot til dømes medlemstal. Det er likevel kritisk både for by og land om nedgang i tal på døypte held fram i same tempo som det synest å gjere i nokre område i bispedømet.

Distrikta har betre deltaking målt i prosent, både ved gudstenester, dåp,

konfirmasjon og trusopplæring. Relasjonen mellom kyrkja og folk synest å vere sterk i bygdene. Særleg er dette knytt til presten, både som person og embete. Distriktprestane har mange gudstenester, og mange gudstenestestadur.

Kva er dei gode strategiske grepa i grisevrenndte strok? Dette er det og viktig å arbeide vidare med. Modellar for å fordele ressursar vil aldri yte distrikta rettferd fullt ut. Det er samstundes slik at distrikta har hatt positivt meir ressursar, og ein må bruke politisk skjønn på å sjå på fordelingane.

## Felles eigarskap til utfordringane

Det er krevjande prosessar om ein konstant må sjå på reduksjon og fordeling av ressursane ein rår over. Det kan i lengda gå ut over motivasjon til tilsette og frivillige. Det skapar slitasje mellom bispedømeråd og sokneråda og fellesråda. Når det er naudsynleg å gjere endringar, blir grepa som er moglege oftast for små, og i for liten grad blir alle grep sett i samheng. Det ville ha vore betre prosessar om alle nivåa var inne i same vurderingane, og då og med eigarforhold til både oppgaveløysing og finansieringskrav. Kva er ideelle, berekraftige storleikar på sokn og einingar? Kva kompetanse trengst for å løyse utfordringane og oppgåvene? Kor mange prestar, kyrkjemusikarar, kyrkjelydspegagogar, diakonar, kateketar og administrative stillingar har ein råd til innan eit prosti eller justert fellesråd i framtida? Korleis skape best mogleg samhandling og færrest moglege tidstjuvar?

Når bispedømerådet, eller fellesråda, ikkje kan rekne med auka ressursar, så blir det press mellom å fordele ressursar i distrikta og i byane. Dette kan gje dobbelt tap. Reduksjon i distrikta slår ofte direkte inn på tal på gudstenester og oppslutning rundt kyrkja. Det å ikkje auke ressursane i Bergen og dei folkerike områda, er også kritisk med omsyn til å nå dei utfordringane ein står overfor.

Bjergvin bispedømeråd må både sjå på fordeling av dei ressursane ein har, vere budd på reduserte ressursar frå stat og kommune, og vil måtte starte arbeid med å sjå på alternative finansieringskjelder. Til dømes vil spørsmålet knytt til krav om delfinansiering av stillingar

frå sokna vere noko ein vil måtte utgreie nærare.

## Medan vi venter på ei mogleg ny kyrkjeordning

Kyrkjemøta i åra som kjem skal handsame ny kyrkjeordning. Bispedømerådet skal saman med dei 184 sokneråda og 59 fellesråda i bispedømet arbeide med desse spørsmåla. Det kan bli krevjande. Betre kunnskap og kompetanse om prosessane vil vere til det gode for alle. Opplæring av både nye råd og tilsette er viktig i denne samanhengen. Erfaringane frå 2014, med fellesarenaer rundt HMT-dag og Misjons- og diakonidag vil vi bygge vidare på. Tverrfaglege samlingar vil også vere viktige. Å vidareutvikle ulike arenaer for «medbestemmelse» høyrer og med i dette biletet. Særleg knytt til rolleforståing og forventningsavklaringar. Samtidig må normaldrifta løyse utfordringane her og no. Alt kan ikkje stå på vent til «noko nytt» kjem på plass.

Det vil vere viktig for bispedømet å fortsette å vere ein god og kompetent arbeidsgjevar for prestane, og andre tilsette. Dette handlar om kontinuerleg arbeid med tilsettingar, HMT og kompetanseutvikling. Det handlar og om grep som i nokre tilfelle er naudsynte løysingar på akutte utfordringar, i andre tilfelle smarte løysingar som snur eit problem til løysinga på noko anna. Dette arbeidet tar mykje ressursar og tid, men kan naturleg nok ikkje få stort rom i ei årsmelding, då det er knytt til einskildpersonar og må handsamast deretter. Vi vil likevel peike på nokre generelle utfordringar og tiltak knytt til personalområdet under overskrifta rekruttering.

## Rekruttering og livsfasetiltak

I Bjergvin arbeider vi langs fleire vegar samstundes når det gjeld rekruttering. Til dømes er bruk av sommarvikarar både eit HMT-tiltak for dei som er fast tilsette og eit tiltak for å få unge søkjarar nysgjerrige på Bjergvin bispedøme. Aktiv bruk av nokre stillingar som prostiprest, kan vere eit seniortiltak på ei side, og opne stillingar på den andre sida. I pressområda har vi oppretta kortsiktige prosjektstillingar med spissa kompetanse mot ungdom og rekruttering. Vi har òg oppretta nokre



Anne Line Tuffeland Kroken (t.v.) og Ingrid Nyhus er prestar i St. Jakob kirke som er ein sentral stad for ungdomsarbeid og rekruttering.

FOTO: JENS Z. MEYER

stillingar som prostiprest, der stillinga skal støtte opp under dei som arbeider med ungdom spesielt. Det er samstundes kritisk viktig i Bjørgvin, grunna alderssamansettinga i presteskapat, at vi får rekruttert inn fleire unge prestar, og at vi får rekruttert tilbake prestar i aldersgruppa førti pluss, som no er i andre typar stillingar. Det blir ofte peika på at det er viktig at prestar står til dei er sytti, dette vil vi meine er berre delvis riktig. Det er vesentleg at presten er i stand til å møte dei utfordringane stillinga ein innehar krev. Det kan difor i nokre tilfelle vere at presten i større grad skulle vurdere å gå over i andre prestestillingar som er tilpassa det modus ein sjølv er i. Dette er samansett og vanskeleg å seie noko generelt om, men slitne prestar er ikkje eit godt rekrutteringskort. Dette handlar ikkje berre om alder, men er ulikt frå person til person. Det er grunn til å sjå noko på tankesettet rundt karriereløpet for prestane. Til dømes knytt til moglege retrettsstillingar, særleg i frå krevjande stillingar i store sokn eller prosti. Igjen er dette individuelt, men vi ønskjer å normalisere ulike løp i siste fase av prestenesta. Handlingsrommet er samstundes lite med omsyn til økonomi til slike tiltak. Tidsavgrensa tiltak kan samstundes

forsvarast, fordi ein ikkje bind opp budsjetta ut over det ein har tryggleik for.

### Å prioritera leiartrening

Bjørgvin bispedømeråd vil sjå på bruk av alle tilskotsmidlane i 2015. I dette ligg òg nokre utfordringar knytt til samspel mellom fellesråd, sokn og bispedømeråd. Dette gjeld til dømes innan trusopplæring på tiltak knytt til aldersgruppa 16-18. Dette er eit område der vi meiner det er viktig med samarbeid mellom einingane. Samarbeid om det kontinuerlege arbeidet og med dei frivillige organisasjonane tenker vi også er viktig. Reforma har gitt ny kunnskap og systematikk i planar, og styrka fokuset på breiddetiltak. Kompetansen til ungdomsorganisasjonane har ein samstundes ikkje råd til å miste. Særleg gjeld det tiltak som viser seg å fungere, men som fell mellom to stolar. Trusopplæringa har vektlagt nye tiltak og breiddetiltak. OVF-tilskot har retta seg mot prosjekt, og ikkje drift. Felles etablerte leiar kurs med god rekruttering, høg kompetanse og kvalitet kan få støtte ut frå begge tilskotsordningane. Desse er oftast drivne av dei frivillige ungdomsorganisasjonane. Å kvalitetssikre tett samspel mellom kyr-

kjelyd og organisasjon, er avhengig av at organisasjonane og kan ha kompetente tilsette. Det er ein kostnad kyrkjelydane ikkje er vande med å betale for. Når både trusopplæringa, konfirmantarbeid og ulike prosjekt etterspør leiarar er det kritisk at ein i liten grad set av midlar til å utdanne leiarar. Systematikk på dette området er viktig på fleire nivå.

Bjørgvin bispedømeråd har satsa tungt på Ungdomskatedralen St. Jakob. Dette er eit prosjekt for sentrum, men òg eit ressurscenter for bispedømet. Når det gjeld rekruttering så er St Jakob tenkt å skulle bli ein ressurs for kyrkjelydar som satsar på ungdomsarbeid og leiartrening, for trusopplæring 16-18 år og for eldre ungdom (18 pluss). Kyrkjelydar treng i nokre tilfelle unge leiarar, i andre høve unge muskarar eller katedralen i seg sjølv som ein opplevingsarena. Prosjektet er også ein ressurs inn mot «Nettkirken». Ein av prosjektet sine prestar skal også vere sekretær for bispedømet sin tenketank rundt rekruttering. Målet er å sjå vidare på kva grep som må gjerast for å få ungdom til å velje kyrkjeleg utdanning. Bispedømet vil systematisera dei tiltaka vi har, og sjå på nye tiltak med omsyn til å følgje opp alle deler av ein rekrutteringsplan.

# VI: Årsrekneskapen

## 6.1 Leiingskommentarar

### Føremål

Bjergvin bispedømeråd er underlagt kyrkjeavdelinga i Kulturdepartementet (KUD). Bispedømet er eit statleg forvaltningsorgan og fører rekneskap etter kontantprinsippet. Bispedømet si rolle er personalforvaltning for ca 170 prestar, samt rådgjeving for Bjergvin bispedømeråd og Bjergvin biskop. Tildelinga til Den norske kyrkja er heimla i Grunnlova §16. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Bjergvin bispedøme.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav til Bjergvin bispedøme gitt i instruks for økonomistyring, både på sentralt nivå til bispedømeråda i Den norske kyrkja, og på lokalt nivå for Bjergvin bispedøme. Eg meiner rekneskapen gjev eit dekkande bilete av tildelinga til Bjergvin bispedømeråd, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignelutar og gjeld.

### Endringar i budsjettstrukturen

For 2014 vart det gjort endringar i budsjettstrukturen. Frå å få tildeling på to kapittel, presteskapet og kyrkjeleg administrasjon, fekk vi i 2014 alt samla i ei tildeling, Den norske kyrkja. Bjergvin bispedømeråd valde likevel å forsetja med budsjettvedtak delt for dei to områda. Då med høvesvis 12 prosent til kyrkjeleg administrasjon og 88 prosent til presteskapet. Ei anna endring var at vi i Bjergvin gjekk over frå styring på prosjektdimensjonen til styring på formål. Formålsskodesverket er utarbeidd på nasjonalt nivå for å få eit bilete av aktiviteten på tvers av kapittel/post/konto/koststad.

### Vurdering av vesentlege tilhøve

I 2014 har Bjergvin bispedøme hatt til disposisjon for drift - post 01 - netto kr 131.878.000, jfr bevilgningsrapporteringa og note A. Omsyn tatt til driftsinntekter (kr 2.891.860), refusjon av foreldrepengar

(kr 603.426) og refusjon av sjukepengar (kr 2.938.479) har vi ei mindreutgift på post 01 – drift på kr 4.572.080. Mindreutgifta vert søkt overført til år 2015 i samsvar med utrekning i note B. I 2014 kom det til brot med Presteforeninga (PF) i lokale lønsforhandlingar. Det gjorde at mottatt kompensasjon for lønsoppgjering ikkje vart utbetalt. Dette utgjorde i 2014 kr 732.000. Frå 2013 hadde vi med oss eit mindreforbruk på kr 3.294.000, jfr note A. Omsyn tatt til desse tilhøva har vi i 2014 eit reelt mindreforbruk i høve til tildelinga for 2014 på kr 546.000.

Tilskot til diakoni, kyrkjeleg undervisning og kyrkjemusikk – post 77 – kr 14.716.000 - er i heilskap utbetalt til formålet for posten. Bjergvin fekk i 2014 tildelt tilskot til ytterlegare ei diakonstilling, beløp kr 300.000 (refusjonsgrad 50 prosent). Staten yter no tilskot til 16 diakonstillingar og 17 kateketstillingar i Bjergvin bispedøme.

Tilskot til trusopplæring - post 75 – tildeling kr 36.738.000. Her fekk vi eit mindreforbruk på kr 1.204.000. Mindreforbruket er rapportert til Kyrkerådet og søkt overført til 2015. I 2014 vart alle sokna i Bjergvin innfasa på trusopplæring. I tillegg til dei tre Bergens-prostia som er knytt til Bergen kirkelige fellestråd, utbetalte vi tilskot til 48 einingar. Den totale utbetalinga var på kr 35.534.000, kr 12.358.000 vart utbetalt Bergens-prostia, kr 23.176.000 vart fordelt på dei andre 48 einingane.

Artskontorrapporteringa viser at løn og sosiale utgifter er på kr 120.438.605, mot kr 116.871.692 i 2013. Auken er i samsvar med lønsveksten i 2014. Lønsoppgjering i staten hadde i 2014 ei ramme på 3,3 prosent. Lønsandel av driftsutgiftene er 89,4 prosent. Gjennomsnitt for dei 11 bispedømekontora i landet er 87,0 prosent. Høgast lønsandel, Borg, 89,9 prosent. Lågast lønsandel, Nord-Hålogaland, 80,2 prosent. Prestetenesta i Bjergvin har ein kostnad pr årsverk på kr 666.910. Gjennomsnitt for bispedømekontora er kr 670.681. Høgast kostnad pr årsverk, Oslo, kr 686.883. Lågast kostnad pr årsverk, Stavanger, kr 641.037.

Mellomverande med statskassen utgjorde pr 31.12.14 kr 5.169.736. Oppstillinga av artskontoposteringa viser kva eignelutar og gjeld mellomverande består av. Forutan rapportert mellomverande har Bjergvin bispedømeråd pådratt seg ei leverandørgjeld på kr 12.152 som ikkje er betalt og ikkje kjem til syne som utgift i årsrekneskapen, jfr opplysningar om avrekning med statskassen i note 7.

### Tilleggsopplysningar

#### EHF-faktura

Elektronisk fakturahandsaming (EHF) har vore eit statleg satsingsområde sidan 2012. Grunna ressursmangel var det først i 2014 vi i Bjergvin hadde fullt fokus på dette området. Tala for inngåande faktura er som følgjer:

År	Antal EHF	Total fakturamengde
2013	58	1377
2014	214	1300

Informasjon på vår nettside og innarbeiding i eigen organisasjon gjev resultat.

### Tidstjuvar

Bjergvin bispedømeråd har hatt fokus på tidstjuvar i 2014. Oppretting av Personallutvalet for bispedømeråda er eit vesentleg felles prosjekt på tidstjuvar for alle bispedøma. Bjergvin stiftsdirektør har leia dette arbeidet. Internt har vi i Bjergvin og hatt auka fokus på skriftleggjering i samband med internkommunikasjon. Opprydding på felles datalagringsområde, og prosess på å lage felles struktur, har vert gjort for å lette tilgang til ulik informasjon. Likeeins kvalitetssikring av kommunikasjon opp mot fellestråda, og særleg Bergen kyrkjelege fellestråd.

Med mange involverte og mange små avgjerder i ein hektisk kvardag er ein avhengig av god intern kommunikasjon og struktur på denne. Kvalitet i avlevering av informasjon har og hatt fokus. Epostar med mange i kopifeltet, og uklare bestillingar er eit døme på ein slik tidstjuv. For presteskapet er det og gjort ulike vurderingar knytt til same tema. Det å endre kultur på nokre av desse områda

er ei kost/nytte-vurdering som òg må vere med i totalbiletet.

## Riksrevisjonen

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Bjørgvin bispedøme. For 2013 fekk vi ingen merknader som skulle følgjast opp i 2014. Leiinga har vurdert risiko for misleghald og funne den minimert gjennom gode rutinar og elektroniske system. Vi har hatt eit første møte med nye representantar for Riksrevisjonen. Møtet fann stad 01.12.14 og Riksrevisjonen har i etterkant etterspurt inngående informasjon om rutinar rundt tilskotsutbetalinga.

Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert pr d.d., men revisjonsberetninga antas å vera ferdig i løpet av 2. kvartal 2015. Beretninga er ikkje offentleg for Stortinget har mottatt Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men det vil bli publisert på nettsidene til Bjørgvin bispedøme så snart dokumentet er offentleg.

**Bergen, 2. mars 2015**



**Inger Helene Nordeide**  
bispedømerådleiar



**Jan Ove Fjellveit**  
stiftsdirektør

## 6.2 Prinsippnote

Årsrekneskap for Bjørgvin bispedøme er utarbeidd og avlagt etter nærare retningsliner fastsatt i regelverk om økonomistyring i staten («bestemmelsene»), fastsatt 12. desember 2003, med endringar, seinast 18. desember 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i bestemmelsane punkt 3.4.1, samt nærare bestemmelsar i R-115 frå Finansdepartementet. Utover desse krava er det ikkje fastsatt noko frå eige departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa («bevilgningsrapporteringa») omfattar ein øvre del med løyvingsrapportering og ein nedre del som viser at verksemda ikkje står oppført med saldo i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassen. Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artsrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følger kalenderåret.
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderar med krav i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytt til statens konsernkontoordning i Norges bank i samsvar med krav i bestemmelsane punkt 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte

verksemder) vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år vert den einskilde oppgjærskonto nullstilt.

## 6.3 Bevilgningsrapportering

Bevilgningsrapporteringa viser rekneskapstala som Bjørgvin bispedømeråd har rapportert til statsrekneskapen. Dei blir stilt opp etter dei kapitell og postar i bevilgningsrekneskapen som Bjørgvin bispedømeråd har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigedelar og forpliktelsar verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

## 6.4 Note A og B

Sjå vedlegg.

## 6.5 Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstala Bjørgvin bispedømeråd har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har fullmakt til å belaste konsernkonto i Norges bank for tildelingane. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og visest difor ikkje som inntekt i oppstillinga.

## 6.6 Note 1-7

Note 7 til artskontorrapporteringa viser forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassen.

## Vedlegg

- **Utdrag av årsplan med tiltaksrapport**
- **Gjennomført program for biskopen 2014**
- **Etatstatistikkskjema**
- **Rekneskap med notar**

# Årsrapport 2014

 BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

FOTO: JOY TAYLOR



Saman vil vi ære Den treeinige Gud  
ved å forkynne Kristus, byggje  
kyrkjelydar og fremje rettferd